

## Klage på kommunestyrevedtak sak 22/19- områdeplan Campus Sogndal

### Årsaka til klagen

Me klagar på vedtaket på bakgrunn at me er sterkt uenige i den arealbruken som er lagt inn i planen på oppsida av gardstunet på gbnr. 23/12 Gjestagarden. Først og fremst knyter klagen seg til regulering av ein 4 meter brei køyrbar gangveg gjennom gardstunet, men også til føremålet GF på oppsida av gardstunet.

Me viser til vedlagt merknad til offentleg ettersyn, datert 19.08.2018, og håpar at politikarar og administrasjonen som skal vurdere denne klagen set seg inn i denne merknaden.

Me er redde for at med alle dei overordna utfordingane som har vore vurdert i samband med områdeplanen – har ei «mindre sak» vedk. ein gangveg og eit friområde ikkje vorte realitetsvurdert og drukna i det store bildet. Me er ikkje trygge på at det for alle er kjent kva konsekvensar denne gangvegen har for oss, og me er usikre på om dette er ei medviten avgjerd frå Sogndal kommune si side. Saka; dokumentasjon og argumentasjon kring plasseringa av denne gangvegen er, slik vi ser det, ikkje godt nok opplyst gjennom saksmaterialet.


I vedlagd merknad gjer vi greie for den historiske utviklinga av området og garden si avståing av store areal til offentlege føremål over tid. Vi grunngjev også kvifor vi meiner det ikkje er behov for denne vegen gjennom gardstunet, då den i realiteten vil vere til nytte for svært få som tilkomst til barnehagetomta, og fordi det finst andre gode tilkomstar i planen like nedanfor gardstunet. Som «turveg» er det rikeleg med andre vegar å gå for det formålet i området.

### SGS5 – offentleg regulert gangveg, breidde 4m gjennom gardstunet

I vurderinga av merknaden vår er det stadfesta at det er regulert inn ein køyrbar gangveg med breidde 4 m for tilkomst for uthyrningskjøretøy. Slike køyretøy vil ha betre tilkomstar til barnehagetomta via offentleg regulert køyreveg på nedsida av gardstunet og frå offentleg køyreveg Kvålevegen. Me kan ikkje forstå at det av omsyn til brannberedskap skal vere naudsynt med denne vegen. Kommunal tilkomstveg opp mot Kvålgota er også ein brattare og därlegare tilkomst enn via dei to andre vegane. Om det i framtida skulle vere avgjerande å komme til tomta via tunet på gbnr 23/12 stiller vi sjølvsgått gardsveg og tun tilgjengeleg, slangar kan leggast ut og sommarstid er det fullt køyrbart over bøen.

I vurderinga av merknaden vår er det vist til utarbeidd temakart for snarvegar og gs-vegar:

Gang- og sykkelveg gjennom eigedomen er plassert med bakgrunn i temakart for snarvegar, gang og sykkelvegar i planomtalen, som knyt saman eksisterande vegar i bustadområda til to samanhengande turvegar kring sentrum. Desse vil også fungere som tilkomst til barnehage BBH2 i ei trasé som er lagt med minst mogleg høgdeforskellar. I føresegne er det opna for at plassering av desse kan justerast for å tilpasse seg til dei tilgrensande eigedomene som del av detaljregulering. Områdeplanen er førande, og detaljar kring eksakt plassering og tilpassingar til eksempelvis murar lyt gjerast greie for i detaljreguleringsplan.



Temakartet er framstilt med **faktiske feil** der vår private avkøyrsle/tun er vist med «grøn» strek med nemninga «tilgjengeleg gangveg». Dette reagerer me sterkt på – særleg fordi argumentasjonen for ein gangveg gjennom gardstunet er tufta på dette temakartet.



**Figur 16 Manglende lenker i raudt, manglende offentleg tilgang/ikkje ferdigstilt gangveg i oransje, grøn tilgjengeleg gangveg.**

Figur 1 Temakart for snarvegar og gs-vegar

Ein offentleg gangveg i 4m breidde gjennom tunet vårt er ikkje ønskjeleg og vil naturleg nok ha fleire negative konsekvensar for oss. Dette går sjølv sagt på privatliv, innsyn til uteplassar, støy, nærleik til våningshus og eldhus, øydelegging av tunet/hagen, bruk av vegarealet til parkering, mogelegeheter for utvikling av eigedom/tunet, drift av eigedom, planar om bygging av garasje ved våningshuset, samhandling mellom driftsbygning og dei andre bygga, estetikk etc. jf. vedlagd merknad.

Me håpar at politikarar og administrasjonen har forståing for dette og ser det urimelege i dette tiltaket. Me har lagt mykje arbeid og kostnader i å bevare gardstunet med sine bygningar, og ønskjer at tunet skal framstå som det er også framover. Når det i tillegg ikkje kan dokumenterast eit stort behov for denne vegen, og når det finst alternative tilkomstar til barnehagetomta både for køyrande, gåande og syklande, kan me ikkje forstå at det skal vere naudsynt å legge denne vegen over oss. Me kan ikkje sjå at dei ålmenne interessene for ein slik gangveg er store nok til å forsvare dette.



Figur 2 Privat avkjørsle gbnr. 23/12



Figur 3 Hage/tun gbnr. 23/12 sett frå aust



Figur 4 Hage/tun gbnr. 23 sett frå vest

#### Friområde GF på oppsida av gardstunet

Me klagar også på at området på oppsida er lagt ut til friområde med omsynssone for kulturminnevern. Med den sentrale plasseringa som dette arealet har, burde det vore lagt ut til bustadbygging, t.d. med krav om tilrettelegging av eit sentralt grøntområde. Vi ønskjer i prinsippet den løysinga som går fram av vedlagd merknad frå tidlegare reguleringsplanutkast. I høve kulturminne er det ein realitet at det meste av området er gjennomgrave av vatn- og avløpsleidningar på kryss og tvers, og at det kun er eit mindre område sentralt der det kan vere uberørte funn. Området er ferdig registrert, og me er sjølv sagt inforstått med at det vil bli naudsynt med utgraving og ev. frigjeving av arealet før området kan byggast på. Mykje av tidlegare argumentasjon for omsynsone/bandlegging av dette arealet, gjekk på at det var frigjeve mykje areal til byggjeformål i Sogndal på det tidspunktet, t.d. bustadområde Hallvardshaugen (nabo), Kvåle skule og nærmiljøanlegg, psykiatri Rutlin – så noko areal var det viktig å behalde til «framtidige arkeologar og andre interesserte» som det stod i brevet frå kulturminnemyndighetene. Dersom nabotomt vert regulert som utbyggingsområde, vil det også vere god grunn for å vurdere arealbruken på denne delen av gbnr. 23/12 på nytt.



Figur 5 Utsnitt områdeplan for del av gbnr. 23/12

#### BKS4 – område for bustadbygging – ubebygd del

I merknad til offentleg ettersyn har vi peika på at ubebygd del av BKS4 er for lite, og har ei form og terreng mot eksisterande leilegheitsbygg som ikkje er eigna til å kunne nytte til bustad. Kommunen har vurdert merknaden slik:

Vi kan ikkje sjå at restareal i BKS4 er omfatta av automatisk freda kulturminne, og det vil difor ligge til rette for etablering av bustader her. Ei tilpassing av gang- og sykkelveg SGS5 kan gjerast for å optimalisere tomteform.

Me ser positivt på ordlyden i vurderinga, men ønskjer at plankartet i områdeplanen vert endra i samsvar med dette. Viss ikkje vil det ligge ein usikkerheit i om dette arealet kan nyttast til formålet i framtida.

#### Klage - kva vi konkret ber om:

1. SGS5 vert teken ut or planen
2. FR med omsynssone vert endra til område for bustadbygging - ev. med krav om tilrettelegging av eit grøntområde/fellesområde og gangtilkomst frå bustadområdet mot ny barnehagetomt.
3. BKS4 vert utvida til å kunne få inn ei ekstra bustadtomt, min 500m<sup>2</sup>.

Vi ber om og håpar at kommunen viser forståing for våre synspunkt og er villige til å vurdere denne saka på nytt.

Med venleg helsing

Tone K.M. Kvåle Inge Ronny Kvåle

Tone Kristin og Inge Ronny Kvåle

Vedlegg: Merknad ved offentleg ettersyn

## Merknad til områdeplan Campus Sogndal – gbnr. 23/12, 23/228 - Gjestagarden

### Generelt

Områda innanfor gbnr. 23/12 og 23/228 som vert påverka av områdeplanen, knyter seg til områda FR, SGS1, BKS4, BKS5 og BFS4, og vår merknad er knytt til forhold kring desse.

I planomtalen er gardstunet på Gjestagarden omtalt som BFS5, medan det er vist som BFS4 på plankartet. Me føreset at dette vert retta opp/klargjort i seinare planframlegg.


Det er vidare i føresegne vist til nummerering når det gjeld offentlege køyrevegar, SKV – medan plankartet ikkje viser verken denne nummereringa, eller regulerte breidder. Dette gjer det generelt vanskeleg å orientere seg i detaljane i planframlegget og vurdere konsekvensar.

Når det gjeld gang- og sykkelveg SGS1, har denne «mange» trasear, så det er difor heller ikkje lett å oppfatte detaljar i høve til den del av SGS1 som er føreslege lagt over 23/12.

***Me ber om å få oversendt ei klargjering av tilhøva nemt over slik at det vert mogeleg å kunne forstå plandokumenta korrekt.***



Figur 1 Utsnitt områdeplan med ortofoto og eideomskart som bakgrunn



Figur 2 Utsnitt av områdeplan utlagt til offentleg ettersyn, påskriften SKV manglar nummerering

### Litt historikk – og status for attst  ande areal p   Gjestagarden i sentrum i dag

Gbnr. 23/12 har gjennom   ra fr   1980 og fram til i dag vore utsett for ei gradvis utbygging, og avst  ing av areal; f  rst og fremst til offentlege f  rem  l og friomr  de. Nemner her Kv  le stadion, hovedvassleidning fr   vassinntak Dalaelvi, Fj  rlandsvegen, overvassanlegg fr   Solsida/Gurvin og Kv  le skule og n  rmilj  anlegg. Egedomen har s  leis bidrege sterkt til den utviklinga Sogndal har hatt innanfor skule- og idrett og infrastruktur. Planar, og seinare grunnavst  ing, har heile vegen skjedd mot grunneigar sine   nskje, men samstundes har me vore im  tekommende og hatt forst  ing for kommunen sine behov for utvikling av viktige samfunnsinteresser. Gjennom prosessar har ein komme til minnelege avtalar med kommunen, men me har ogs   m  tte akseptere og erfart at offentlege areal, og s  rleg friareal ikkje er like mykje verdt som andre typar byggjeomr  de. Me har opplevd    ha lite    stille opp med i h  ve private interesser for egedomen, og har kjent p   det urettferdige i    vere s   «uheldige»    ha ein s   attraktiv egedom at den er eigna for offentlege f  rem  l. Egedomen, og dei som har vore grunneigarar undervegs i denne perioden, har s  leis i sv  rt liten grad hatt mogelegheit for    nyte og utvikle egedomen i h  ve til eigne   nskje, som t.d. andre i bygda har kunna gjort. Det har ogs   vore ei stor belastning over tid    vere grunneigar for ein egedom under stadig press fr   ulike typar interesser.

I samband med reguleringsplanarbeidet for Ingahaugen – Kv  le (2000 – 2003), med regulering av areal til Kv  le skule og n  rmilj  anlegg, hamna me i den situasjonen at n  r sagt heile egedomen vart regulert til offentleg f  rem  l. Me sat d   att med ein av dei st  rste gardsbruka i bygda, utan ein gong    ha h  ve til oppf  ring av eit k  rhus p   garden som kun har eitt v  ningshus. I samband med denne reguleringsprosessen, hadde me eit godt samarbeid med Sogndal kommune og deira r  dgjevar ISIS (no Asplan Viak) ved Nils Husab  , og fekk regulert inn noko tomteareal p   oppsida av gardstunet, samt ned langs Lunnamyrvegen.




Figur 3 Første forslag til offentleg ettersyn. Felt B4 var tiltenkt kårhushus på garden 23/12.

I samband med arkeologiske registreringar, vart det, for av oss av litt urimelege årsaker, sett foten ned for busetnad på oversida, medan areal som vart nytta til offentleg føremål vart frigjevne mot utgraving. Konklusjonen til Kulturavdelinga gjekk på at arealet på oversida skulle bli liggande urørt til glede for «framtidige generasjonar av lokalbefolking, forskrarar og andre interesserte» og fordi det var frigjeve så mykje areal i seinare tid i Sogndal, t.d. på Rutlin, at ein stad måtte grensa gå – og for oss uheldigvis var dette akkurat i våre eigedomsgrenser. Det vart utarbeidd reviderte skisser for bustadbygging for å få drøfta ei løysing der ein etablerte eit friområde i den delen av området som det vart gjort funn, sjakt R, med sikte på å redusere/unngå konflikt med kulturminne.

Kulturminneregistreringane avdekkja at det ikkje var særleg innhaldsrike «funn» i andre deler av området enn i sjakt R, og ei slik løysing ville kunne ivareta både vårt ønskje, samt vern av kulturminnet. Vidare tilseier faktiske forhold i høve til tidlegare gravearbeid gjennom området med diverse VA-anlegg, at ein svært liten del av området som heilheit var urørt og av reell verdi som kulturminne.

Dei alternative skissene førte ikkje fram, og kommunen ville ikkje gå vidare med plan for bustadbygging på oversida av gardstunet. Som eit kompromiss vart det på bakgrunn av støtte frå det politiske miljøet i Sogndal lagt inn ei rekke med bustadtomter på nedsida av gardstunet. Desse områda er pr. i dag utbygde med færre tomter og ei dålegare estetisk løysing for gardstunet og det overordna landskapsbildet, enn om ein hadde fått gjennom ei løysing med busetnad på oversida.



Figur 4 Alternativ skisse for plassering av bustadomter på gbnr. 23/12

Området som no er vist som FR, samt BKS5 vert i dag nytta som slåttemark og utgjer viktig ekstrafor for andre gardbrukarar i Sogndal. Våre planar med gardstunet og området ikring er å la det ligge urørt så lenge som mogeleg, og at neste generasjon skal få bestemme om dei ønskjer noko form for utbygging her eller ikkje. Dette gjeld også området BKS5.

## Om planframlegget

### SGS1

Det er uklart for oss om SGS1 gjennom gbnr. 23/12 er tenkt etablert med min 2,5m breidde som skal kunne vintervedlikehaldast samt justerast, jf. føresegn:

#### 5.3 Gang-/sykkelveg, SGS

##### SGS1 - Generelt

1. Gang- og sykkelvegen skal vere samanhengande med **minimum 2,5 m breidde og vere opparbeid for vinterdrift**. Dekket skal vere fast og slett. Traseen kan **justerast innanfor tilliggande arealføremål**, men likevel slik at utgangspunkta ligg fast. Køyring til bustadeigedomane er tillate.

eller om SGS1 er knytt til føresegn for barnehagen BBH2 nedanfor:

7. **Gjennom feltet skal det etablerast gang- og sykkelveg frå Lunnamyri til Kvålevegen med ei bredde på 4 meter, som tilfredsstiller krava til tilkomstveg frå Sogn Brann og Redning IKS.**

SGS1 ser ut til å følgja vår gardsveg og går tvers gjennom vårt private tun og hage. Me har pr. i dag hage (tre og blomsterbed) på begge sider av innkjørsela. Me har og i litt tid hatt planar om å etablere garasje i tilknyting til bustadhuset og parkering framfor huset, sjå skisse, knytt til at låvebygningen er lite eigna og medfører mykje unødig snøbrøyting av lang veg og stort tun om vinteren. Ein gangveg

gjennom tunet på denne måten, vil vere svært generande og tett på i høve til bruk av våre private uteareal og vil øydeleggja gardstunet og den funksjonelle bruken av vegen. Vegen er ein del av det arealet me nyttar i kvardagen – både til parkering, plassering av trillebår og hageutstyr, fotballsparkning mm. Vidare vil etablering av garasje nær parkering ved bustadhuset, ikkje vere foreineleg med ein offentleg gang- og sykkelveg som kryssar tunet.

Me ser på dette framlegget som respektlaust og som eit stort overtramp – særleg mot ein eigedom som over tid har bidrige så sterkt til å fremja ålmenta sine interesser.



Figur 5 Orange firkant viser aktuell plassering av ny garasje

Reint praktisk og fagleg ser me heller ikkje noko behov for denne vegen.

Tilkomst for gåande til ei eventuell barnehagetomt på Kvåle bør gå frå køyrevegen på nedsida av tunet, og elles direkte frå Kvålevegen. Dei som kjem gåande til barnehagen kjem enten ovanfrå (Gurvin/Solsida/Åbergevegen og Kvåle/Bjelde-området) – desse kan gå over Kvåle og vil ikkje spare tid på å gå ned den svært bratte Kvålsgota og bort denne vegen. For dei som kjem nedanfrå Kvålslid, Fosshaugane og sentrum, vil det vere kortast å gå inn køyrevegen på nedsida av gardstunet og bort. Siste del av Lunnamyrvegen, frå krysset Kvålslid Vest og opp til Kvålgota er dessutan så bratt, at det er ingen som vil føretrekke å gå opp denne, for så å gå «flatare» bort til barnehagen. Då står ein att med eit fåtal bebuarar i Hallvardshaugen og gbnr. 23/12 som kan ha ein reell nytte av vegen. Busetnaden i Hallvardshaugen er i hovudsak små og mellomstore leilegheiter, mange med krevjande trappe tilkomstar. Så langt har det vore svært få barnefamiliar i dette nabolaget, då bustadttypen ikkje er eigna for det, og dermed lite behov for snarveg til ein eventuell framtidig barnehage. Det er uansett korte avstandar det er snakk om i området.

For området på Kvåle vil det heller vere viktigare å få på plass snarvegar/stikkvegar gjennom BFS5 og ev. gjennom BKS5. Dette kan sikrast t.d. gjennom reguleringsføresegner for dei nemnde områda og avklarast i samband med detaljreguleringsplanar når det føreligg konkrete planar for utbygging av desse delområda.



Figur 6 Døme på stikkvegar/snarvegar som vil korte ned gangvegstrukturane i området

**Me er sterkt i mot SGS1 slik den er vist på plankartet, og ber om at vegen vert teken ut or planen. Sambinding mellom Lunnamyri og Kvålevegen bør gå gjennom friområdet ved skulen, eller gjennom allereie etablert vegareal med forlenging på nedsida av gardstunet. Det er ikke behov for ein 3. veg på tvers gjennom dette området.**

#### FR

Friområdet som no er lagt på gbnr. 23/12 har ingen nummerering eller annan nemning. Det ligg heller ikkje føre føresegner på korleis dette ev skal nyttast, eller opparbeidast. På bakgrunn av at heile området ligg så nær nærmiljøanlegget på Kvåle er det ikkje behov for noko offentleg friområde her. Mykje av bakgrunnen for formålet, vil me tru kjem av kulturminnevernet. Det er føreslege ny barnehagetomt på gbnr. 23/6. Det går ikkje fram av plandokumenta om dette arealet er stort nok til å dekke behovet for uteareal til barnehagen. Me stiller spørsmål til om eit friområde på 23/12 reelt sett er tiltenkt som uteområde for barnehage, og ein «tilsniking» av naudsynt areal til dette? Me ber om dokumentasjon på at storleiken på tomta avsett til barnehage er stor nok til føremålet, både når det gjeld areal til bygg og til uteområde.

I samband med reguleringsplan for Ingahaugen – Kvåle vart området over gardstunet trekt ut av planen for å unngå at det vart regulert til det som den gong heitte spesialområdeområde for kulturminnevern. Når det no vert lagt ut byggeområde også på naboeigedomen, vil me tru at heile området bør kunne vurderast på nytt, også i lys av kulturminnevernet – og at det kanskje er mogeleg å få lagt ut meir areal til utbygging mot ev. utgraving.

**Me er sterkt i mot at attverande areal på gbnr. 23/12 vert lagt ut til offentleg friområde. Me ber i staden at arealet ovanfor tunet vert lagt ut til bustadføremål, sjølv sagt med krav om grøntareal/leikeareal som del av området.** Eit slik areal kan gjerne samlokalisera med registrerte kulturminne for å ivareta desse interessene. Skissa frå 2002, figur 2, illustrerer korleis området ev. kan byggjast ut ein gong i framtida. Dersom arealbruken vert endra til bustad her, vil det sjølv sagt også vere naturleg å vurdere ein snarveg gjennom feltet mot barnehagetomta.

## Restareal BKS4



Eit mindre areal, trekant, innanfor BKS4 er i dag eigd av gbnr. 23/12. Dette arealet vil ikkje vere mogeleg å kunne utnytte på noko fornuftig vis utan at arealet vert utvida og inngår i eit større tomtearealet som kan ha tilkomst frå tunet, jf. merknaden om ønska arealdisponering over. Storleiken på dette arealet må minimum ha storleik for ei bustadtomt. Tomta kan ha tilkomst via gardstunet.

## SKV

Som nemt over manglar det nummerering på SKV formåla og difor uklart kva breidder som t.d. gjeld. Reguleringsbreidde for SKV på strekninga på nedsida av gardstunet, er slik me oppfattar planomtalen sett til 7 meter, og det skal etablerast fortau på strekninga. Viss dette er rett oppfatta, vil det ikkje vere mogeleg å få dette til utan å gripe inn i eksisterande avkjørsler og parkeringsplassar på nedsida, og/eller å gå inn på oppsida i dei høge natursteinsmurane som vart bygde i samband med utbygginga av feltet. Flytting av desse murane, vil også gje store konsekvensar for nyleg restaurert og oppsett natursteinssmur på neste nivå, som held heile gardstunet med bygningar på plass.

Uansett om ein legg opp til gode gang- og sykkelvegar, vil det alltid vere behov for køyrbar tilkomst til ein barnehage. Plankartet viser køyrbar tilkomst til BBH2 og til BKS6 via Lunnamyrvegen og eksisterande bustadfelt. Parkering og snuplass er ikkje løyst i plankartet. For mykje trafikk i Dalavegen og i Trolladalen har i lang tid vore ei utfordring. Dersom ein barnehage skal lokaliserast på Kvåle, bør denne få hovedtilkomst frå samlevegen over Kvåle, og ikkje gjennom eit allereie etablert bustadfelt og skuleområde – både av omsyn til trafikktryggleik i eit område med mykje born- og unge, men og for å unngå å generere auka trafikk på allereie belasta strekningar i høve kø/kork i krysset Trolladalen/Dalavegen.

***Me er sterkt i mot ev. inngrep på oppsida av eksisterande køyreveg som medfører flytting av murar, samt inngrep på nedsida som vil ha konsekvensar for etablerte parkeringsplassar for del av 2-mannsbustad på gbnr. 23/228.***

## **Vegen vidare**

Dersom Sogndal kommune vel å gå vidare med etablering av offentlege areal som SGS1 og FR på vår eigedom gbnr. 23/12, vil me knyte til oss advokat for oppfølging av saka. Me aksepterer ikkje planen slik den no ligg føre. Me synest heller ikkje at det føreligg ålmenne interesser som er sterke nok til å forsvare dette framlegget, særleg sett i lys av historien og dei inngrepa som Gjestagarden over tid har vore utsett for.

Me har lit til at kommunen, både administrativt og politisk, realitetshandsamar våre innspel og at det er mogeleg å sjå på planframlegget på nytt. Me stiller gjerne i møte med kommunen for å drøfte den framtidige arealbruken på attverande del av gbnr. 23/12.

Med venleg helsing

Tone Kristin og Inge Ronny Kvåle

## **Merknad til detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl Kvåle barnehage**

### **Generelt**

I samband med tidlegare planprosess kring områdeplanen som denne detaljreguleringsplanen skal detaljere ytterlegare, har me hatt vesentlege merknader mot den arealbruken som er sett for vår eidegn gbnr. 23/12 – Gjestagarden. For utfyllande merknad, særleg kring historikk, viser me til tidlegare merknad og klage som er lagt ved dette brevet. Me ber om at de også les gjennom desse som grunnlag for vår merknad til oppstart av denne detaljreguleringsplanen.

Våre merknader til oppstart av detaljreguleringsplanen er i hovudsak knytt til:

- Me ønskjer i utgangspunktet at **gbnr. 23/12 vert teke ut or planen**, og ikkje vert ein del av planprosessen knytt til etablering av ny barnehage. Me meiner detaljregulering for ny barnehage kan løysast på ein god måte utan at gbnr. 23/12 vert ein del av planprosessen.
- Me er **sterkt i mot etablering av gang- og sykkelveg gjennom tunet på garden**, då dette vil ha vesentlege ulemper for oss; både i høve praktisk bruk av tun og uteareal, samt i høve til innsyn m.m. Det viktigaste argumentet mot denne tilkomsten er likevel at det i svært liten grad er behov for denne gangvegen, med tanke på tilkomst til ny barnehage. Dette forsøker me å grunngje nærmare i merknaden.
- **Sambinding mellom Lunnamyri og Kvålevegen bør gå gjennom friområdet ved skulen, eller gjennom allereie etablert vegareal med forlenging på nedsida av gardstunet. Det er ikkje behov for ein 3. veg på tvers gjennom dette området.**
- Me ønskjer **ei anna løysing for regulering av attverande del av gbnr. 23/12 enn det områdeplanen**, og no detaljregulering legg opp til. Basert på tidlegare historikk, blant anna når det gjeld registreringar av kulturminne og tidlegare gravearbeid på området, meiner vi at planspørsmålet knytt til etablering av noko meir bustadareal i øvre del av området, og mot grensa mot gbnr. 23/6 må vurderast på nytt, jf. tidlegare skisser frå ISIS Asplan Viak omtalt i vedlagd merknad til områdeplanen frå 2018 som viser ei mogleg løysing som også ivaretak tilhøvet til kulturminne, samtidig som det vert mogleg med noko fortetting av dette verdifulle sentrumsarealet. Fortetting av sentrumsnært areal er i tråd med overordna føringar og planverk i Sogndal kommune.

- Restareal på BKS4.** Det er i områdeplanen sett av eit mindre areal, ca. 230 m<sup>2</sup>, trekantforma, i tillegg til allereie utbygt areal. Både form og at det er så lite gjer det vanskeleg å kunne utnytte til formålet. Frå handsaming av vår merknad til områdeplanen, 2018, skriv Sogndal kommune i saksutgreiinga:


Vi kan ikkje sjå at restareal i BKS4 er omfatta av automatisk freda kulturmiljø, og det vil difor ligge til rette for etablering av bustader her. Ei tilpassing av gang- og sykkelveg SG55 kan gjerast for å optimalisere tomteform.

Restareal BKS4



Arealet her må i tråd med dette utvidast og gjevast ein tilstrekkeleg storleik, min ca 500m<sup>2</sup>, som gjer arealet eigna for bustadbygging.


- Me ser elles **positivt på at barnehagetomta byter plass med bustadarealet.** Det vil gi ei betre løysing med tanke på at barnehagetomta får betre, og direkte kontakt med nærmiljøanlegget på Kvåle, og også ein enklare tilkomst nær allereie etablert infrastruktur.



Figur 1 Utsnitt områdeplan med ortofoto og eigedomskart som bakgrunn

## Om løysing for gangveg gjennom tunet og behovet for denne

### Feil framstilling i samband med områdeplanen – og motstridane føresegner som gjeld SGS5



Figur 2 Utsnitt frå temakart, grøn = offentleg tilgjengeleg i dag, raudt = ikkje offentleg tilgjengeleg

I prosessen knytt til områdeplanen vart vår grusa gardsavkjørsle feilaktig presentert som ein allereie eksisterande offentleg tilkomstveg, og at det kun var tale om ei *forlenging* av denne for å knyte saman Lunnamyrvegen og Kvålevegen. Me presiserer på nytt at dette er vår private avkjørsle/gardsveg som er tilkomst til gardstunet. Den har aldri vore offentleg tilgjengeleg og stansar i tunet ved låvebrua.

Argumentasjonen for etablering av dette sambandet i var i tidlegare sakshandsaming tufta på denne feilinformasjonen, noko me har påpeika tidlegare, men som det ikkje har vore vilje til å rette opp i, eller ta omsyn til.

Frå føresegnehene som gjeld ny barnehage, (dokument funne på kommunekart.com) står det følgjande:

- g) Det skal etablerast gang- og sykkelveg SGS1 gjennom feltet, og SGS5 fra Lunnamyri til Kvålevegen med ei **bredde på 4 meter**, som tilfredsstiller krava til tilkomstveg frå Sogn Brann og Redning IKS.

I føresegnehene som gjeld SGS5 og gangveg gjennom tunet er vår private avkjørsle/gardstilkomst er omtalt som «eksisterande tilkomstveg»:

- 4.5.5 SGS5 – Kvåle bhg.
- a) I forlenging av **eksisterande tilkomstveg i BFS 4** skal det leggjast til rette for gang- og sykkelveg som knyt saman Lunnamyri og Kvålevegen. Gang- og sykkelvegen skal ha **minimum 2,5 meters breidde**. Traseen kan som del av detaljregulering justerast innanfor tilliggande arealføremål, men likevel slik at utgangspunkta ligg fast.

Desse to føresegnehene er motstridande. Dette peika me på i samband med offentleg ettersyn, og i vurderinga av merknaden vår vart det stadfesta at det er regulert inn ein køyrbar gangveg med breidde 4 m for tilkomst for utrykningskjøretøy.

### Tilkomstveg/utrykkingsveg for Sogn Brann og redning

Me kan ikkje forstå at det av omsyn til brannberedskap skal vere naudsint med denne vegen, så lenge det finst fleire andre tilkomstar til ein framtidig barnehage og bustadområde som er betre eigna; enten via allereie etablert kommunal veg nedanfor gardstunet (Lunnamyri 16A- K), via Kvålevegen, eller via Kvåle Stadion. Me peikar her på at Lunnamyrvegen på siste strekket opp til oss har ei stigning på 1:8, som er brattare enn norma for kommunale vegar i Sogndal kommune, og at det rett og slett også vert ein omveg framfor å nyta eksisterande vegtilkomst lenger nede.

## Estetikk og innsyn – private soner og bruk og uteareal

Me har bevisst valt ei grusa, «gammaldags» utsjånad på både avkøyrsle og gardstun, kopla med natursteinsmur, hellelagde plassar og grasareal, då me meiner t.d. at asfalterte flater ikkje passar inn i dette miljøet. Det er elles svært viktig for oss å oppretthalde ei sone kring tunet som er grøn og som tilhører tunet. Gardstunet ligg slik til at det krev litt rom kring seg. Dette er viktig, ikkje berre for oss som bur her, men også for å ta vare på kulturhistoria og landskapet i kring.



Figur 3 Orange firkant viser aktuell plassering av ny garasje

SGS5 ser ut til å følgja vår avkøyrsle og går tvers gjennom vårt private tun og hage. Me har pr. i dag hage (tre og blomsterbed) på begge sider av innkøyrsla. Me har og i litt tid hatt planar om å etablere garasje i tilknyting til bustadhuset og parkering framfor huset, sjå skisse, knytt til at låvebygningen er lite eigna og medfører mykje unødig snøbrøyting av lang veg og stort tun om vinteren. Ein gangveg gjennom tunet på denne måten, vil komme svært tett på hus og uteareal, og gi direkte innsyn i den einaste private hage/uteplass-sona vi har mot vest. Offentleg gangveg forbi, vil også vere til hinder for den funksjonelle bruken av gardstunet og vegen.



Figur 4 Eksisterande vegareal har ei varierande breidde på 2,5 – 3 meter.

Gardsvegen inngår i dag i det arealet me nyttar i kvardagen, både til hagearbeid, til parkering og til leik/fotball. Vidare vil etablering av garasje nær parkering ved bustadhuset, ikkje vere foreineleg med ein offentleg gang- og sykkelveg som kryssar tunet, og mest truleg hindre ei slik moglegheit for oss.



Figur 5 Ein vanleg ettermiddag i tunet, typisk bruk av arealet



Figur 6 Privat avkjørsle gbnr. 23/12. Ev gåande inn denne vegen vil ha kjensla av å gå inn i eit privat tun, og ikkje på ein offentleg gangveg.



Figur 7 Hage/tun gbnr. 23/12 sett fra aust. Vegarealet ligg svært tett på inngangspartiet og uteareal på nordsida.




Figur 8 Hage/tun gbnr. 23 sett fra vest. Vår einaste innsynsfrie uteplass, er på vestsida med plen mellom eldhus og stabbur, og terasse under tak. Ein offentleg gangveg forbi eldhuset og over låvebrua her, vil gje direkte innsyn til terassen og det private hagerommet mellom bygningane.

### Grunngjeving av kvifor det **ikkje** er behov for SGS5

I realiteten er det kun eit fåtal bueiningar i Hallvardshaugen, som vil kunne få ein kortare tilkomst til ein barnehage på gbnr. 23/6 via gardstunet vårt. Av det fåtal bueiningar som er i Hallvardshaugen, er dei fleste små – mellomstore leilegheiter, dei fleste utan universell utforming, med krevjande trappetilkomstar, og såleis lite aktuelle som familiehusvære, både pga storleik og utforming. Så langt har det vore svært få barnefamiliar i dette nabolaget, då bustadtypen ikkje er eigna for det, og dermed lite behov for snarveg til ein eventuell framtidig barnehage.

Det er fleire offentleg, eksisterande tilkomstar og moglegeheter for tilkomst for gående til ei eventuell barnehagetomt på Kvåle, jf. Områdeplanen som viser rikeleg med både køyrevegar og gangvegar som kan gje tilkomst til ny barnehagetomt.

Dei som kjem frå Åbergevegen/Solsida/Gurvin, samt Bjelde/Kvåle områda, vil gå/sykle over Kvåle og nytte Kvålevegen som tilkomst. Dei vil i liten grad kunne spare tid på å gå/sykle ned den svært bratte Kvålsgota (merka gult i kartutsnitt fig. 8) og nyte ein ev. veg gjennom gbnr. 23/12. Å t.d. sleppe mindre barn på sykkel, eller sykle med sykkelvogn ned Kvålsgota, er ikkje tilrådeleg pga brattleik. Om vinteren veit me av erfaring at Kvålsgota er heilt ueigna og farleg som gangtilkomst for både små og store, pga glatt føre og periodevis snø/slaps som gjer det umogeleg å td. trille vogn.



Figur 5 Kun ev. barnefamiliar som bur i Hallvardshaugen, vil kunne få ein kortare veg til barnehage via gbnr. 23/12 - men vegen er ikkje lang om dei må gå via den kommunale vegen nedanfor heller!

For dei som kjem nedanfrå frå Kvålslid Vest-feltet, Fosshaugane, Stedje og sentrum, vil det vere kortast og best å nytte kommunal veg på nedsida av gardstunet, eventuelt via ein oppgradert turveg, vist som GT i områdeplanen, litt lengre nede, eller andre gangvegar gjennom nærmiljøanlegget på Kvåle. Dersom barnehagetomta byter plass med bustadarealet, vil det kunne bli ei god løysing, og eit alternativ med gangveg gjennom gbnr. 23/12 vil vere endå meir uaktuell.

Siste del av av Lunnamyrvegen, frå krysset Kvålslid Vest og opp til Kvålgota er dessutan så bratt, at det er ingen som vil føretrekke å gå opp denne, for så å gå «flatare» bort til barnehagen.

### **Vegen vidare**

Dersom ein vel å inkludere gbnr. 23/12 Gjestagarden i det vidare planarbeidet, og held fast på etablering av offentlege areal som SGS5 og FR på vår eigedom, vil me knyte til oss advokat for oppfølging av saka. Me vil ikkje akseptere denne type inngrep i vår eigedom.

Ut frå realitetane i saka, kan me ikkje forstå at behovet og dei ålmenne interessene er så store, at det kan forsvare dei begrensingar og inngrep som etablering av gangveg og friområde vil medføre for oss og gardstunet på gbnr. 23/12. Dette også i lys av all arealavståing og inngrepa som Gjestagarden har vore utsett for over tid sidan 80-talet til fordel for storsamfunnet og dei ålmenne interessene i Sogndal.

Me ber om at Asplan Viak og SAMAN tek omsyn til merknaden og innspela våre i den vidare planprosessen.

Med helsing

Tone Kristin og Inge Ronny Kvåle

Vedlegg: Merknad og klage til områdeplanen, 2018

## Hilde Ruud

---

**Fra:** Jarle Skartun <jsktun@gmail.com>  
**Sendt:** fredag 1. juli 2022 21:47  
**Til:** Hilde Ruud  
**Kopi:** Erik Kvåle  
**Emne:** Merknad til varsel om oppstart av Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl.  
Kvåle Barnehage.

Syner til motteke varsel datert 31.05.2022.

Det er med undring eg ser at grensa for planarbeidet er trekt inn på min eigedom 23/43. Eg gir med dette melding om at eg vil motsetja meg inngrep på 23/43.

I høve tidlegare signal er det ei ny utvikling i saka at areal på 23/42 og 23/43 skulle bli ein del av barnehageplanlegginga/utbygginga. Signalen har vore at plan skulle avgrensast til 23/6.

I kommuneplanarbeidet [har.eg](#) protestert mot nedbygging av dyrka mark. Om utvikling og utbygging krev nye areal så må det vere eit vilkår at areal som vert nedbygt vert utnytta maksimalt og at område nærare sentrum vert bygt ut før ein tek areal på 23/43.

Eg vil og meine at tilkomst til utbygging av areal på 23/6, om det er nødvendig no, bør løysast utan å nytta Kvålevegen. Om det og er slik at barnehagen og bustadområde skal byte plass, jf info i varselet, så bør det og vere argument for å gå vekk frå Kvålevegen som tilkomst.

Dei grepa ein her legg opp til i planlegginga er ikkje god utnytting av areal, ein sløser med verdifullt landbruksareal.

Eg vil vidare be om å få tilsendt kopi av referat frå oppstartsmøte og vil ev kome med ytterlegare merknader til planarbeidet.

Kvåle 01.07.22.

Mbh  
Jarle Skartun  
-grunneigar 23/43.

Kopi:Erik Kvåle.

Asplan Viak AS

Sognefjordvegen 40  
6863 Leikanger

30.06.2022

Jenny Merete Y. Mo.

#### Innspel til planarbeidet for detaljreguleringpl. 23/6 m/fl. Kvåle Barnehage.

Viser til tilsendt varsel om oppstart av reg.plan.på min eideom 23/6. Eg har som kjent i områdeppl. 2 bustadtomter BKS6 som eg ynskjer blir i vareteke med omsyn, dette med beliggenhet og tilkomst er viktig for meg, eg har tidligare sagt meg villig til evt. å bytte plass med skissert plassering med barnhagen, eg vart i gjeldande områdeppl. lova veg gjennom Lunnamyri (sjå pl). som eg no forstår er teke bort, og lagt om med felles veg med BBH gjennom Kvålevegen. Ser på vegtilkomst til BKS6 som svært krevjande med ei slik løysing.

Har oppfatta Saman slik at dei kun ynskjer BBH på ei side av kvålsgrova noko som tilseier at dei må ha større arial på denne eine sida, dette vil og kunne komme i konflikt med BKS6.

Eg har som ynskje og få flytta BKS6 over på den andre sida av kvålsgrova BOP9 dette vil gjere det enklare å få utnytte BBH2 på eit større område ved å fristille BKS6. som då vil få vegtilkomst frå felles parkering/veg frå kvålevegen

1. primært ynskje om å flytte BKS6 over på den andre sida av grova til BOP9
2. BKS6 ligg der den er på gjeldande områdeppl. Med vegtilkomst gjennom Lunnamyri som vist på kart.
3. BBH2 og BKS6 bytter plass men BBH bygningskropp blir lagt i nedre del av tomta,slik at uteområde for BBH blir ovanfor bygningskropp.

Det blir teke hensyn til vegrett frå mitt bustadhus i dag, og til eideom og elvarett på nedsida av fjærlandsvegen gjennom eksisterande undergang.

Med helsing

Jenny Merete Y. Mo

ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER  
Postboks 24  
1301 SANDVIKA

**Vår dato:** 27.06.2022

**Vår ref.:** 202211245-3 Oppgi ved kontakt

**Dykker ref.:** 635388-01

**Sakshandsamar:** Gert Vidar Høgseth

**E-post:** [gvho@nve.no](mailto:gvho@nve.no)

**Telefon:** 22 95 95 43

## **NVE si fråsegn - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Kvåle barnehage, gnr. 23 bnr. 6 m.fl., område BBH2 - Sogndal kommune**

Vi syner til brev dagsett 31.05.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Kvåle barnehage i Sogndal.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internetsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### **Konkrete innspele**

Planområdet ligg under marin grense. I følgje NGU sitt lausmassekart er lausmassane i planområdet breelvavsetningar. Under desse avsetningane kan det vere marine avsetningar. Aktsemdkart for kvikkleire ([NVE Atlas](#)) syner at det er moglegheit for marin leire i området. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS-analysen. NVE rår til at prosedyren i [NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.



Det renn ein bekk i eller ved planområdet, og aktsemdområde for flaumfare langs bekken strekker seg inn i planområdet. Både flaum og erosjon vil vere relevante tema i ROS-analysen. Korleis flaum og erosjon kan vurderast på reguleringsplannivå går fram av [NVE retningsline 2/2011 ”Flaum og skredfare i arealplanar.](#)

Dersom det er naudsynt med sikringstiltak utanfor planområdet for å unngå skade frå flaum og erosjon i planområdet, rår vi til at område der det må gjerast tiltak vert ein del av planområdet.

Generelt gjeld at areal i planområdet som vert overfløymd skal synast i plankartet som omsynssone Fareområde flaum, jf. pbl § 12-6, og ha føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. I tillegg til må de bestemme tryggleiksklassen for tiltaket, i samsvar med TEK17 § 7-2.

Klimaframkrivingar tilseier at det vil bli hyppigare episodar med styrregn, og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km<sup>2</sup> må ein rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år. Tettare utnytting av areala vil også medføre raskare avrenning i nedbørsperiodar.

Dersom elvebreidda er erosjonsutsett, skal det vere ei tryggleikssone mellom bygg og toppen av lausmasseskråninga over elva, som er minst like brei som høgda frå elva og til toppen av skråninga. Avstanden må vere minst 20 m. Skadepotensialet til bekkane som går gjennom og langs planområdet bør vurderast. Bekkelaup må sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

### Omsyn til vassdrag

Det kjem ikkje klart fram om planen vil føre til tiltak i eller ved bekken. I følgje vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør nyttast til å merke vasstreng med t.d. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen inneber inngrep i vassdraget må de gjere greie for om tiltaket vil påverke allmenne interesser i vassdraget. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert.

Ut frå områdereguleringsplanen ser det ut til at bekken ligg inne i fleire ulike detaljreguleringsplanar. De bør sjå bekken i heilskap så langt det er mogleg på tvers av dei



ulike detaljreguleringsområda. Både for å legge til rette for eit godt vassdragsmiljø, og for å sikre at dei ulike planane ser heilskapleg på flaum- og erosjonsfaren.

### Ta omsyn til venta klimaendringar

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing vart vedtekne 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi rår til at de set dykk inn i planretningslinjene og sikrar at arealdisponeringa tek omsyn til eit klima i endring.

Fakta-arket [«Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen»](#) gir ei kort skildring av korleis omsyn til klimaframskrivningar kan innarbeidast i arealplanane. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [Klimaprofil for Sogn og Fjordane](#). Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om venta klimaendringar i planarbeidet.

### NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioritærer å gi innspel og uttale til reguléringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth  
Senioringeniør

*Dokumentet er godkjent etter interne rutinar og vert sendt utan underskrift.*

### Mottakarliste:

ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER

### Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND



ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER  
Sognefjordvegen 40  
6863 LEIKANGER

Vår dato:

15.06.2022

Vår ref:

2022/7740

Dykkar dato:

31.05.2022

Dykkar ref:

63588-01

Saksbehandlar, innvalstelefon

Heidi Sandvik, 5764 3151

## Fråsegn til varsle oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Kvåle barnehage gbnr. 23/6 i Sogndal kommune

Vi viser til oversending dagsett 31.5.2022.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny barnehage med tilhøyrande infrastruktur. Det ligg eit bustadareal innafor plangrensa og det skal vurderast om bustadareal og barnehagetomt som vist i områdeplanen skal bytte plass, slik at bustad (BKS6) blir liggande nord for ny barnehage (BBH2).



Figur 0-1: Utsnitt fra gjeldende områdeplan med plangrense. Kjelde: kommunekart.com



Som kjent skal planomtalen gjere greie for verknadene planen har for ulike interesser og omsyn. Viktige tema her kan vere universell utforming, barn og unge, folkehelse, støy (i den grad det er aktuelt), naturmangfald (m.a. knytt til bekken), landskap, friluftsliv og grønstruktur, samfunnstryggleik og beredskap, risiko- og sårbarheit, energiløysingar. Vi legg til grunn at det vert gjort greie for desse tema i planomtalen. Vi har utfyllande innspel for eit par tema under.

#### Bekken som natur- og landskapselement

Kvålsgrovi går gjennom planområdet. Det er viktig at bekken og eit tilgrensande sideareal vert sett av til eit føremål som sikrar bekken som natur- og landskapselement. Vi viser til vassressurslova § 11 som seier at det i vassdrag med årsikker vassføring skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte. Kantvegetasjon langs vassdrag har generelt rik natur med mange viktige funksjonar. Føremålet med lovparagrafen er å sikre leveområde for flora og fauna, vandrings- og spreiingskorridorer, næringsgrunnlag, skjul og skugge, fange opp avrenning, og beskytte mot erosjon, ta vare på landskapselement osv.

I føresegnene til gjeldande områdereguleringsplan er det stilt følgjande krav knytt til VFV2, Kvålsgrovi:

#### *5.4.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VFV2 – Kvålsgrovi*

- a) Bekken skal reknast som del av det tettstadsnære friluftsområde i Sogndal sentrum.
- b) Byggegrense langs Kvålsgrovi er 20 meter. Dette gjeld på begge sider, frå innløp til utløp.
- c) Det er ikkje høve til å gjøre inngrep eller tiltak i Kvålsgrovi. Unntaket gjeld for oppføring av nye gangbruer i tilknyting til offentleg tilgjengeleg gangvegnett. Gangbruer skal dimensjonerast i tråd med Byggteknisk forskrift(TEK17). Dimensjonering skal ta høgde for klimapåslag på 20%.

#### Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

TEK17 definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred i §§ 7-2 og 7-3. For andre typer risiko må kommunen sjølv gjøre greie for kva ein reknar som akseptabel risiko. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko- og/eller sårbarhetsreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi viser m.a. til [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og bygesaksbehandling»](#) og [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»](#).

#### Medverknad og digital presentasjon

Vi oppmodar kommunen om å leggje planforslaget ut på internettkartet ved høyring. Planomrisset bør visast no. Dette er viktig for å gjøre det enklare å medverke for folk. Slik kan dei sjå eventuelle konsekvensar og samanhengar lettare.

I denne samanhengen viser vi òg til «Norge digital plansatsinga for 2018-2020»:

<https://www.geonorge.no/globalassets/geonorge2/avtaler-og-bilag/norge-digitalt/info-nd-plan-modell-2018-2020-versjon-pr-23022018.pdf>



Med helsing

Sara Kvåle Skouen  
fungerande seksjonsleiar

Heidi Sandvik  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Sogndal kommune  
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Postboks 153	6851	SOGNDAL
Postboks 7900	5020	BERGEN



## Statens vegvesen

ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER  
Sognefjordvegen 40

6863 LEIKANGER

Hilde Ruud

Behandlande eining: Transport og samfunn	Sakshandsamar/telefon: Sivert Faye / 47299448	Vår referanse: 22/110959-2	Dykkar referanse: 635388-01	Vår dato: 30.06.2022
---	--	-------------------------------	--------------------------------	-------------------------

### Innspel til oppstart av planarbeid – Kvåle Barnehage – Sogndal kommune

Vi viser til brev datert 31.05.2022 med varsel om oppstart av planarbeid for ny barnehage på Kvåle, gnr. 23 bnr. 6 m. fl. i Sogndal kommune.

#### Saka gjeld

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny barnehage med tilhøyrande infrastruktur. Ved etablering av ny barnehage på Kvåle vil eksisterande studentbarnehage i Dalavegen leggjast ned. Tilkomst til området er fra riksveg 5 via Kvålevegen (gjennom BOP9). Det ligg eit bustadfelt innanfor plangrensa. Ein skal søke å få til felles tilkomst til både barnehage og bustadareal (BKS6). Parkering for barnehagen vil ligge innanfor BOP9.

Områdereguleringsplan Fosshaugane Campus gjeld for området i dag, med krav om detaljreguleringsplan.

Det er foreslått noko justering av plangrense og formålsområde i forhold til områdeplanen. Dette gjeld parkering innanfor BOP9. Det skal og vurderast om bustadareal og barnehagetomt som vist i områdeplanen skal bytte plass slik at bustad (BKS6) blir liggande nord for ny barnehage (BBH2).

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP), statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vognnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretakne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennlig transportsystem.

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndigkeit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

### **Statens vegvesen sitt innspel til planforslaget**

Reguleringsplan for ny barnehage vil vere starten på utbygging av eit større område for offentlege/private formål og nye bustader. Det er svært viktig at infrastrukturen som det no planleggast for, blir dimensjonert og tilpassa framtidig utbygging i heile området. Det må leggast stor vekt på universell utforming og gode tilhøve for mjuke trafikantar, som gjer det attraktivt å gå eller sykle, i tråd med *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*.

### **Planavgrensing**

Planområdet må utvidast til å omfatte krysset (med sikttrekantar) mellom Kvålevegen og rv. 5. Vi oppmodar sterkt til at gang- og sykkelveg mellom Ingafossen og krysset med Kvålevegen takast med i detaljreguleringsplanen, for å sikre heilskapleg og samanhengande tilbod for mjuke trafikantar langs rv. 5 frå Ingafossen til Kvålevegen. Spesielt koplinga mellom gang- og sykkelveg og nytt fortau på Kvålevegen må vurderast, da det vil bli behov for å krysse Kvålevegen. Det er viktig å finne eit eigna sted å krysse vegen, og legge rette for dette i reguleringsplanen.

### **Kryss rv. 5 x Kvålevegen**

Reguleringsplan for Kvålevegen er vedteke i 2014. Områdeplanen for Fosshaugane legg opp til ei anna utbygging enn det som var føresetnadane då reguleringsplan for Kvålevegen ble utarbeidd. Krysset i gjeldande reguleringsplan for Kvålevegen oppfyller truleg ikkje gjeldande krav i N100.

Vinterstid er det utfordringar for tungtransport oppover Sogndalsdalen. Det er behov for kjettingplass langs riksvegen. Statens vegvesen har ikkje konkrete planar om å etablere kjettingplass i nærmaste framtid. Det er ca. 6 % stigning på riksvegen forbi krysset med Kvålevegen. Auka trafikk i krysset kan gi utfordringar for tunge køyretøy som skal oppover dalen, og må senke farta for trafikk som skal inn i Kvålevegen, spesielt vinterstid. Vi vurderer derfor at det kan vere behov for høgresvingefelt frå riksvegen i krysset med Kvålevegen, for å sikre god framkomst og trafikkavvikling på riksvegen.

Det må gjerast ei trafikkanalyse som omtalar forventa framtidig trafikkmengd og kapasitet i krysset med rv. 5, etter full utbygging av felta i områdereguleringsplanen med tilkomst frå og via Kvålevegen. Dette må vere grunnlag for korleis nytt kryss skal utformast, og kva køyretøy det dimensjonerast for. Krysset må regulerast i samsvar med gjeldande krav til kryss i vegnormal N100. Behov for venstresvingefelt og høgresvingefelt må òg vurderast i trafikkanalysen. Dersom planlagt løysing i gjeldande reguleringsplan for Kvålevegen ikkje er i tråd med krava i N100, må krysset planleggast på nytt, og det må eventuelt søkast om


fråvik. Dette må gjerast før planframlegg sendast på høyring og offentleg ettersyn. Vi ber òg om å få oversendt detaljeikningar av nytt kryss før planforslag sendast på høyring.

Føresegnene til planen må innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at nytt kryss blir opparbeidd før det kan bli gitt igangsetjingsløyve for ny barnehage.

#### Rekkefølgjekrav

Vi viser til gjeldande rekkefølgjekrav i detaljreguleringsplan for Kvålevegen, planID 2011014. Her er det krav om at gangveg/fortau langs Kvålevegen ikkje kan byggast før det ligg føre konkrete planar om utbygging av gangvegsamband langs rv. 5 frå krysset med Kvålevegen og ned mot eksisterande gangveg ved Ingafossen, jf. § 6.1 i føresegnene (sjå figur 1). Dette kravet må følgast opp i føresegnene til detaljreguleringsplan for Kvåle barnehage. Gang- og sykkelveg langs riksveg skal planleggast etter krava i N100, kapittel 4.2. Vi minner om at det er krav om belysning av gang- og sykkelveg langs riksveg. Planen må innehalde rekkefølgjekrav om opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar langs Kvålevegen og langs rv. 5 frå Kvålevegen til Ingafossen, før nye bygg kan takast i bruk.

Vi legg også til grunn at rekkefølgjekrav i områdeplanen om gang- og sykkelveg frå Lunnamyri til Kvålevegen, vist nord i figur 1, blir følgt opp og innarbeidd i planen.



**Figur 1: Strekningar som manglar tilbod for mjuke trafikantar vist med raud linje. Desse er regulert inn i gjeldande områdereguleringsplan/detaljreguleringsplan, og det er knytt rekkefølgjekrav dei.**

#### Kryssing av rv. 5 ved Ingafossen bru

I områdeplanen er det planlagt planskilt kryssing for mjuke trafikantar under Ingafossen bru. Mjuke trafikantar som ferdast mellom Campus og Avsølevegen har ikkje gode kryssingsmoglegheiter, og riksvegen fungerer som ei barriere. Det har tidlegare vore ei opning i rekkverket mellom gang- og sykkelvegen og riksveg 5 (figur 2). Opninga i rekkverket har ikkje vore ei god løysing, men eit tilbod som har gitt moglegheit for å krysse

vegen. Denne blir stengd no som det byggast venstresvingefelt i krysset med Avsølevegen. Mjuke trafikantar må gå ein omveg på ca. 500 meter for å bruke eksisterande undergang i Møllevegen. Dette gir ikkje god framkomst for mjuke trafikantar. Ny barnehage på Kvåle vil forsterke behovet for ei planskilt kryssing under Ingafossen bru, da barnehagen vil bli eit nytt målpunkt for bustader tilknytt Avsølevegen. Vi er bekymra for at mjuke trafikantar vil krysse riksvegen, framfor å gå ned til eksisterande undergang i Møllevegen. Behovet for opparbeiding av kryssing ved Ingafossen bru må vurderast nærmare i planarbeidet og sjåast i samanheng med framtidig situasjon for resten av området på Kvåle. Vi vil rá til at det leggast inn rekkefølgjekrav som sikrar regulering og opparbeiding av kryssing for mjuke trafikantar under Ingafossen bru.



**Figur 2: Opning i rekverket på riksvegen blir stengt som følge av bygging av nytt kryss med Avsølevegen.**

#### Transformatorstasjon Kvåle

Sygnir planlegg for ny transformatorstasjon på sørsida av rv. 5 ved krysset med Kvålevegen. Tilkomst til denne er ikkje avklara. Vi tek etterhald om at tilkomst til ny trafo kan få konsekvensar for planarbeidet for ny barnehage. Dei to prosessane bør vurderast samla.

#### SGS1

I områdeplanen er det vist gang- og sykkelveg mellom SKV2 og Kvålevegen (figur 3). Denne ser ut til å ha ei gjennomsnittleg stigning på ca. 15 %. Vegen normal N100 stiller krav til maks. 8 % stigning, jf. krav 4.84. Det bør vurderast om denne kan bli lagt om for å redusere stigninga.



**Figur 3:** Områdeplanen viser gang- og sykkelveg med ca. 15 % stigning. Med omsyn til universell utforming bør ein redusere stigninga.

#### Gjennomføringsavtale

Vi minner om at det må på plass ei gjennomføringsavtale med Statens vegvesen for bygging av nytt kryss med rv. 5 og gang- og sykkelveg langs riksvegen.

#### Trafikksikkerheit

Utforming av avkjørsle/kryss på kommunal veg skal utformast etter krav i N100. Det må leggast vekt på trafikksikre løysingar for parkering og snuplass for større køyretøy for renovasjon og eventuell varelevering. Sikttrekantar i kryss og avkjørsler må leggast inn i plankartet og supplerast med føresegner.

#### **Konklusjon**

Vi viser til våre innspel over, og ber om at desse blir teke til følge i det vidare planarbeidet. I hovudsak gjeld våre innspel omsyn til mjuke trafikantar. Med utbygging av eit nytt område utan eksisterande infrastruktur, er det svært viktig at planen sikrar gjennomføring av nødvendige tiltak, som kan bidra til at fleire vel å gå eller sykle. Riktig kryssutforming er viktig for trafikksikkerheita, og for å sikre god framkomst på riksvegen.

Vi vil spesielt trekke fram:

- Planområdet må utvidast til å omfatte kryss mellom rv. 5 og Kvålevegen og gang- og sykkelveg langs riksvegen.
- Det må gjerast ei trafikkanalyse som omtalar framtidig trafikkmengd i krysset mellom rv. 5 og Kvålevegen. Kryss med rv. 5 må vurderast på nytt etter gjeldande krav i N100.
- Planen må innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at kryss mellom riksveg 5 og Kvålevegen, og infrastruktur for mjuke trafikantar er opparbeidd før nye bygg kan takast i bruk. Dette gjeld gang- og sykkelveg langs rv. 5, fortau langs Kvålevegen og gang- og sykkelveg mellom Lunnamyri og Kvålevegen.
- Behov for planskilt kryssing under Ingafossen bru må vurderast.
- Stigning på SGS1 (figur 3) bør reduserast.

Vi ber om at de tek kontakt dersom det er spørsmål eller behov for å drøfte konkrete problemstillingar i det vidare planarbeidet.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim

Seksjonsleiar

Sivert Faye

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

SOGNDAL KOMMUNE, Postboks 153, 6851 SOGNDAL

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKommUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

## Hilde Ruud

---

**Fra:** Vidar Øvretun <Vidar.Ovretun@sygnir.no>  
**Sendt:** onsdag 1. juni 2022 11:09  
**Til:** Hilde Ruud  
**Emne:** Innspel til Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage

Hei!

Viser til Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage, Det er ikke ledig kapasitet i nettet i dette området. Det må byggast ny nettstasjon til forsyning av ny Barnehage.  
Egna areal til nettstasjon må inngå i reguleringsplanen. Ta kontakt med underteikna for vidare planlegging.

Med venleg helsing

Vidar Øvretun  
- Avdelingsleiar distribusjonsnett -



Telefon direkte: 91708418  
E-post: [Vidar.Ovretun@sygnir.no](mailto:Vidar.Ovretun@sygnir.no)  
Sentralbord: 57 69 86 03  
[Sygnir.no](http://Sygnir.no) / [post@sygnir.no](mailto:post@sygnir.no)

ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER  
Sognefjordvegen 40  
6863 LEIKANGER

**Avdeling for  
Strategisk utvikling og digitalisering  
(SUD)**

<b>Dato</b>	24.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/60958-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakhandsamar</b>	Marianne Bugge
<b>E-post</b>	Marianne.Bugge@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

**Fråsegn til oppstart av planarbeid - detaljregulering - Kvåle Barnehage -  
gnr. 23 bnr. 6 m.fl - Sogndal kommune**

Vi viser til oversending mottatt her 31.05.22 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Kvåle Barnehage. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for ny barnehage med tilhøyrande infrastruktur. Det ligg eit bustadareal innafor plangrensa, og i planprosessen vidare skal det vurderast om barnehagetomta og bustadarealet slik det er synt i områdeplanen skal bytte plass. Områdereguleringsplan for Fosshaugane er gjeldande for området. Planområdet er ubebygd, består i hovudsak av dyrka mark og frukthage. Området er på om lag 22daa. Arealformål i områdeplanen innanfor planområdet er:

- Barnehage (BBH2)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP9)
- Gang- og sykkelveg (SGS1)
- Køyreveg (SKV2)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (VFV2)
- Friområde (GF)
- Turveg (GT)

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrift.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

**Vurdering og innspel**

Medverknad

Planprosessen vidare bør legge opp til brei medverknad, og vi viser til referat frå oppstartsmøtet med kommunen der det går fram aktuelle partar som bør informerast og høyrast i arbeidet. Vi støttar dette. Foreldre og tilsette i den framtidige barnehagen vil vi og særskilt løfte fram her.

Arkitektur og estetikk

Eksisterande sær preg og kvalitetar i området må ivaretakast i planarbeidet, og det bør gå fram av planomtale og ev. føresegner til planen korleis landskap, arkitektur og estetikk vert ivaretake.

Utnyttingsgrad og bygghøgd

Byggehøgd er ikkje omtalt i områdeplanen som planområdet er ein del av. Dette må vurderast særskilt ut ifrå landskapet rundt, eksisterande bygningar i området og særtrekk/estetikk.

Største tillate bruksareal i områdeplanen er BYA 30%.

### Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka om regionalt kulturminnemynde.

Vestland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging.

I 2018 vart det gjennomført arkeologiske registreringar i deler av området som skal regulerast. Under registreringa vart det påvist eit automatisk freda kulturminne som no er fjerna (id. 243575). I øvre del av planområdet ligg det ein automatisk freda lokalitet med førhistoriske dyrkings -og busettingsspor (id.107484). I plankartet er kulturminnet markert med omsynssone d (SOSI-kode H730) – dette skal vidareførast med tilhøyrande føresegn. Området rundt lokaliteten (GT) er regulert til Friområde. Vidare bør det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit større areal rundt for å sikre kulturminnet mot inngrep og skjemming, jf. §3 i kulturminnelova. Vi føreslår at SGS5 (Gang- og sykkelveg sør for lokaliteten) og deler av GT (Friområde) vert innlemma i omsynssona H570 med tilhøyrande føresegn.

### Vassforvalting

Det går ein bekj gjennom planområdet, og planarbeidet vidare må ta omsyn til korleis denne skal forvaltast. Bekken er definert i vann-nett.no under «Sogndalselvi bekkefelt», vannforekomst 077-88-R. Førekomsten er vurdert til moderat tilstand, med god tilstand som miljømål. Vassforskrifta §4 tillétt ikkje ny arealbruk som gjer tilstanden av vassførekomstar dårligare. Generelle føresegner og retningsliner, eller omsynssoner med tilhøyrande føresegner og retningsliner er gode verkty for å ta i vare vassmiljø gjennom reguleringsplanar.

### Mobilitet og kollektiv

Føremålet er mellom anna å etablere ny infrastruktur tilknytt barnehagen og bustadområde. Det vert vurdert å gjere endringar der bustadområdet vert liggande nord for ny barnehage. Avdeling for Mobilitet og kollektiv legg til grunn at trafikktrygge løysingar for alle trafikantgrupper er tema vidare i planprosessen og plassering av formåla barnehage og . Det gjelder særskilt i samband med levering og henting av barn, og sikring av trygg ferdsel for dei som bur i området.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre  
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**

fagleiar

SUD – Plan, klima og folkehelse

**Marianne Bugge**

seniorrådgjevar

SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Sakshandsamarar:

Gunhild Raddum, mobilitet og kollektiv  
Henriette Maria Hop Wendelbo, kulturarv  
Marianne Bugge, plan

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål



Asplan Viak AS  
Pb 24  
1301 SANDVIKA

Vår dato:

18.12.2023

Vår ref:

2022/7740

Dykkar dato:

Dykkar ref:

63588


Saksbehandlar, innvalstelefon  
Heidi Sandvik, 5764 3151

## Til uttale - Oppstart - Sogndal - 23/6 m fl - Kvåle barnehage - reguleringsplan

Vi viser til oversending dagsett 23.11.2023.

Det er varslet utviding og endring av tidlegare varsel om planområde. Endringane kjem på bakgrunn av innspel frå Statens vegvesen som viser at Kvålevegen og kryss mot rv. 5 Fjærlandsvegen må sjåast på i samband med regulering av barnehage. Planområdet er no på 57,3 daa, der utvidinga er på 35,5 daa. Det er sagt at planavgrensinga kan bli redusert noko undervegs i prosessen.

Planområde med utviding mot vest, der blå linje viser grensa for tidligare varsling:





Statsforvaltaren har ikkje merknader til at planområdet vert utvida slik som føreslege. Vi viser til fråsegna vår den 15.6.2023 til første oppstartvarsel, og vi legg til grunn at innspela i dette brevet vert teke med og vurdert i planomtalen og i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Heidi Sandvik  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Sogndal kommune

Postboks 153

6851

SOGNDAL


ASPLAN VIAK AS  
Postboks 24  
1301 SANDVIKA

Avdeling for  
Nærings, plan og innovasjon (NPI)

Dato 14.12.2023  
Vår referanse 2022/60958-13  
Dykkar  
referanse  
Sakshandsamar Ingeborg Klokkersund Djupevåg  
E-post Ingeborg.Klokkersund.Djupevag@vlfk.no  
Telefon 57638130

## Fråsegn til endring av detaljregulering - Kvåle Barnehage - gnr. 23 bnr. 6 m.fl - Sogndal kommune

Vi viser til brev datert 24.11.23 om utviding og endring av detaljregulering for Kvåle barnehage. Endringane kjem av innspel frå Statens vegvesen som viser til at Kvålevegen og kryss mot rv. 5 Fjærlandsvegen må sjåast på i samband med regulering av ny barnehage. Kvålevegen er tidlegare regulert i detaljregulering for Kvålevegen (planID: 1420-2011014) vedteke 2014. Planområdet vert også utvida mot aust og for å inkludere formålet GT (turveg) i områdereguleringsplan for Fosshaugane (planID: 1420-2016011).



Figur 1: Blå linje i kartet over viser den opphavleg varsle planavgrensinga, medan stipla svart linje

Vestland fylkeskommune vurderer endringa ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

Det er positivt at planområdet utvidast i tråd med innspel frå Statens vegvesen for å sikre heilskapleg planlegging, trafikktryggleik og omsyn til mjuke trafikantar.

### Infrastruktur og veg

Planområdet ligg i tilknyting til riksveg og kommunal veg. Fv. 5613 ligg i tilknyting til kommunal veg nord for planområdet. Ein må vurdera om ein forventar ei trafikkauke i dette krysset. Vi ber om at dette vert teke med i vidare planarbeid.

### Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Vestland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø bør gjerast på tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneverdiar vert omtalte, verneverdiene vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune utført arkeologiske registreringar i 2018 i samband med områdereguleringsplan for Fosshaugane og i 2012 i samband med vegutbygging på Kvåle. Registreringa omfatta blant anna dei nedre bøane på Kvåle på nedsida av Kvålevegen, gnr. 23 bnr. 6, 42 og 43. Den gang vart det påvist førhistoriske dyrkingslag datert til jernalder og mellomalder. Garden Kvåle har vore ein av dei største og mektigaste gardane i Sogndal gjennom bronsealder, jernalder og mellomalder, og potensial for nye funn er høg i dette område.

Utvila planområde omfattar dyrka mark på Kvåle og Bruheim gnr. 23 bnr. 13, bnr. 45 og bnr. 55. Her er det ikkje tidlegare utført arkeologiske undersøkingar. Området ligg som LNF areal i kommuneplanen. Vi har i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne i dette området, men området har potensial for denne type kulturminne. Dyrka mark har potensial for funn av åkrar og gardstun med hus frå stein-, bronse-, jarn- og mellomalder. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det er gjeve løyve til det, jf. lov om kulturminne §§ 4 og 3.

Vestland fylkeskommune finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i lov om kulturminne. Nærare opplysningar om registreringa vert sendt i eige brev.

Vi gjer merksam på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn til planen etter den varsla registreringa.

#### Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på mogleg trafikkauge i krysset som no er ein del av planområdet, og potensielle kulturminne. Vestland fylkeskommune finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i lov om kulturminne.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagansvarleg  
NPI – Plan, klima og analyse

**Ingeborg Klokkersund Djupevåg**  
rådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

#### Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL

#### Intern sakshandsamarliste

Janne Grønli	INV - Forvaltning Vestland
Silje Øvrebø Foyn	KFO – Arealplan



**Statens vegvesen**

ASPLAN VIAK AS  
Postboks 24

1301 SANDVIKA

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Sivert Faye / 47299448 22/110959-21 13.12.2023

---

**Uttale til utvida planområde – Kvåle Barnehage i Sogndal  
(Detaljreguleringsplan for gnr. 23 bnr. 6 m.fl Kvåle Barnehage,)**

Viser til varsel om utvida planområde for detaljreguleringsplan Kvåle Barnehage.

Planområdet er no utvida til å omfatte krysset med rv. 5. Vi viser til dialog undervegs sidan første varsel om oppstart, og legg til grunn at vi held fram med dialog om løysingar i planen som gjeld riksvegen før planen blir sendt på høyring.

Transport vest – transportforvaltning 1  
Med hilser

Torun Emma Torheim  
Seksjonsleiar

Sivert Faye

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi  
SOGNDAL KOMMUNE, Postboks 153, 6851 SOGNDAL  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER



ASPLAN VIAK AS  
Postboks 24  
1301 SANDVIKA

**Vår dato:** 12.12.2023  
**Vår ref.:** 202211245-5 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:** Margit Sandem  
Fjellengen, masf@nve.no

## **NVE sitt innspel - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Detaljreguleringsplan for Kvåle barnehage, gnr. 23 bnr. 6 m.fl., område BBH2 - Sogndal kommune**

Vi viser til varsel om utviding og endring av tidlegare varsle planområde for detaljregulering Kvåle Barnehage, datert 23.11.2023.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

**NVE ga innspel til saka ved varsel om oppstart, i brev datert 27.06.2022. Innspelet er aktuelt for det utvida planområdet, og har ingen ytlegare merknadar til utvidinga.**

### **NVE si generelle rettleiing**

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internetsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine internetsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

### NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen  
Førstekonsulent

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### Mottakarar:

ASPLAN VIAK AS

### Kopimottakarar:

Asplan Viak  
[bergen@asplanviak.no](mailto:bergen@asplanviak.no)  
[torunn.jager@asplanviak.no](mailto:torunn.jager@asplanviak.no)

Sogndal kommune  
[postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)

Oslo, 15. februar 2024  
Vår ref.: MWA/23900  
Ansv.adv.: Ole H. Bendiksen

Ole Hauge Bendiksen  
Fredrik Astrup Borch  
Botolf Botolfsen jr.  
Pan Farmakis  
Claus R. Flinder  
Bent Sande Kverme  
Inger Helene Lie  
Audun Lillestølen (H)  
Einar I. Lohne (H)  
Vegard M. Lund  
Else-Marie Merckoll  
Harald Ramm  
Jon Skjørshammer  
Trude Stormoen  
Anja Ingrid Thorheim  
Heidi Kjær Trudvang  
Gudbrand Østbye

Christian J. Aubert  
Cato Myhre

Mari Eldøy  
Therese A. Heggedal  
Karina Johnsen  
Marte Lundh  
Hege Moljord  
Johannes P. Notaker-Velde  
Mathias Thorshaug Rengård  
Martine Rygg  
Peter Onsager Steen  
Mia Warhuus

(H): Møterett for Høyesterett

## **INNSPILL TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVÅLE BARNEHAGE I SOGNDAL KOMMUNE – GRUNNEIER GBNR. 23/6**

Viser til høringsfrist i dag, samt telefonsamtale med Erik Tande i Studentsamskipnaden i går.

Grunneier er primært av den oppfatning at det er grunnlag for å stille spørsmålstege ved hele det avtalemessige grunnlaget for reguleringsplanen.

For øvrig er det grunneiers oppfatning at reguleringsarbeidet bør omhandle hele grunneiers eiendom, sånn at vi på den måten, i fellesskap, kan få en forsvarlig forvaltning av grunneiers eiendomsmasse til alle parters beste.

Jeg vil anmode om at vi inngår i en dialog om dette og at vi i fellesskap kan benytte Asplan Viak som medhjelper i så henseende. Hvis partene kommer til enighet om en slik fremdriftsplan så vil jeg tro at øvrige tvistepunkter vil falle på plass.

Med vennlig hilsen  
Langseth Advokatfirma DA

Ole Hauge Bendiksen  
Advokat/partner  
[bendiksen@ladv.no](mailto:bendiksen@ladv.no)  
22 93 73 19 / 918 07 196

Asplan Viak  
[bergen@asplanviak.no](mailto:bergen@asplanviak.no)  
[torunn.jager@asplanviak.no](mailto:torunn.jager@asplanviak.no)

Sogndal kommune  
[postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)

Oslo, 15. februar 2024  
Vår ref.: MWA/23900  
Ansv.adv.: Ole H. Bendiksen

Ole Hauge Bendiksen  
Fredrik Astrup Borch  
Botolf Botolfsen jr.  
Pan Farmakis  
Claus R. Flinder  
Bent Sande Kverme  
Inger Helene Lie  
Audun Lillestølen (H)  
Einar I. Lohne (H)  
Vegard M. Lund  
Else-Marie Merckoll  
Harald Ramm  
Jon Skjørshammer  
Trude Stormoen  
Anja Ingrid Thorheim  
Heidi Kjær Trudvang  
Gudbrand Østbye

Christian J. Aubert  
Cato Myhre

Mari Eldøy  
Therese A. Heggedal  
Karina Johnsen  
Marte Lundh  
Hege Moljord  
Johannes P. Notaker-Velde  
Mathias Thorshaug Rengård  
Martine Rygg  
Peter Onsager Steen  
Mia Warhuus

(H): Møterett for Høyesterett

## **INNSPILL TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVÅLE BARNEHAGE I SOGNDAL KOMMUNE – GRUNNEIER GBNR. 23/6**

Viser til høringsfrist i dag, samt telefonsamtale med Erik Tande i Studentsamskipnaden i går.

Grunneier er primært av den oppfatning at det er grunnlag for å stille spørsmålstege ved hele det avtalemessige grunnlaget for reguleringsplanen.

For øvrig er det grunneiers oppfatning at reguleringsarbeidet bør omhandle hele grunneiers eiendom, sånn at vi på den måten, i fellesskap, kan få en forsvarlig forvaltning av grunneiers eiendomsmasse til alle parters beste.

Jeg vil anmode om at vi inngår i en dialog om dette og at vi i fellesskap kan benytte Asplan Viak som medhjelper i så henseende. Hvis partene kommer til enighet om en slik fremdriftsplan så vil jeg tro at øvrige tvistepunkter vil falle på plass.

Med vennlig hilsen  
Langseth Advokatfirma DA

Ole Hauge Bendiksen  
Advokat/partner  
[bendiksen@ladv.no](mailto:bendiksen@ladv.no)  
22 93 73 19 / 918 07 196

# Uttalelse til reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med på å danne grunnlag for videre behandling i kommunen.

## Uttalelsen gjelder:

<b>Navn på reguleringsplan:</b>	Kvåle Barnehage i Sogndal
<b>Planident:</b>	Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage,
<b>Kommune:</b>	Sogndal

## Forslagsstiller:

<b>Navn:</b>	Saman Sogndal Studentbarnehage AS v/ Asplan Viak AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	830182292

## Plankonsulent:

<b>Navn:</b>	ASPLAN VIAK AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	910209205

## Varsel er mottatt av:

<b>Navn:</b>	BARSNES ARNE FRODE	
<b>Telefonnummer:</b>	+4791146274	
<b>E-post:</b>	afbarsnes@lerum.no	
<b>Adresse:</b>	Gårdsnr.: 23	Bruksnr.: 294
16K Lunnamyri		

## Uttalelse:

Du kan skrive din uttalelse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Hei, som nærmeste nabo er det mønehøgde, og avstand til bygg.  
Me har samla tidlegare sendt inn uttalelser til Sogndal Kommune over første skisse, der øverste del var satt av til barnehage.  
Dei nye skissene eg har sett er via SognAvis, der det er redusert til eit stort hus, som er på linja

med Lunnamyri 16K.

Mine innvendingar er her om bygget kjem nær grensa, og mønehøgde på det nye bygget. Vil terrenget bli senket ned, for å unngå at ein stenger inne eksisterande bebyggelse per i dag. At det blir oppretta skille for å skjerme mot støy, og innsyn til ein viss grad.

Håper at dere kan dele de planlagte nye skissene når de foreligger.

Mvh  
Arne Frode Barsnes

27.11.2023 17:13:09 AR580227817

## Signert av

ARNE FRODE BARSNES på vegne av BARSNES ARNE FRODE

27.11.2023

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

# Høyringssvar - Kvåle Barnehage, utviding og endring av planområde

## Innhold

<b>Høyringssvar .....</b>	<b>2</b>
<b>Bakgrunn, saksdokument og utvikling – historia slik idretten kjenner den.....</b>	<b>2</b>
<b>Tidslinje .....</b>	<b>4</b>
<i>Førespurnad om å leggje kunstgras på fotballbane .....</i>	<i>4</i>
24.08.2009 .....	4
<i>Kvålestadion - høyringssvar frå Sogndal idrettslag med saksgrunnlag .....</i>	<i>4</i>
06.09.2009 .....	4
<i>Brev frå Sogndal kommune til KUD 14.09.2009.....</i>	<i>6</i>
14.09.2009 .....	6
<i>Saksframlegg til forvaltningsutvalet 03. des. 2009 .....</i>	<i>6</i>
Sogndal, 25. nov 2009.....	6
<i>Vedtak i forvaltningsutvalet 03.12.09 .....</i>	<i>7</i>
03.12.2009 .....	7
<i>KUD avslag om Sogndal stadion – Kvåle, omlegging til kunstgras på fotballbane.....</i>	<i>8</i>
23.12.2009 .....	8
<i>Brev frå Sogndal kommune til KUD 07.01.2010.....</i>	<i>9</i>
07.01.2010 .....	9
<i>KUD feb 2010 – svar til Sogndal kommune.....</i>	<i>9</i>
19.02.2010 .....	9
<i>KUD Om Sogndal Stadion, Kvåle – til Sogndal kommune .....</i>	<i>10</i>
25.11.2015 .....	10
<i>Sogndal Idrettsråd sitt Innspel til plan for Kvåle stadion .....</i>	<i>11</i>
25.11.2015 .....	11
<i>Inndraging av spelemidlar - Kvåle stadion og kastområde.....</i>	<i>11</i>
31.03.2016 .....	11
<i>Søknad til KUD om førehandssamtykke for bruksendring og omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion .....</i>	<i>12</i>
09.08.2016 .....	12
<i>Orientering om Kvåle stadion i formannskapet okt. 2016 .....</i>	<i>13</i>
06.10.2016 .....	13
<i>Rådmann Aanestad lova permanent kastarena på Kvåle stadion.....</i>	<i>13</i>
Desember 2016.....	13
<i>Oppdatert skisse til møte med skulane.pdf .....</i>	<i>14</i>
Skisse frå jan/feb 2018.....	14
<i>Høyringssvar frå Sogndal idrettsråd (SIR) til kommunen om Områdeplan campus Sogndal.....</i>	<i>14</i>
27.08.2018 .....	14
Områdeplan .....	14
<i>Desember 2023.....</i>	<i>15</i>
<i>Vedlagt – Norges friidrettsforbund sitt høyringsinnspel.....</i>	<i>16</i>

## Høyringssvar

Sogndal idrettsråd syner til at forvaltningsutvalet/kommunestyret i Sogndal 3. desember 2009 vedtok å leggje kunstgras på Kvåle stadion og å etablere erstatningsareal til kastfelt på utsida av løpebanene.

Vedtaket er gyldig og idretten forventa at lovnadene frå 2009 og vedtaket blir heidra.

Erstatningsarealet er teikna inn og vedtek ved vestenden av Kvåle stadion, litt inn mot skråninga.

Planområdet for barnehagen er utvida mellom anna med ein liten parsell som går langs stadionanlegget.

Av ulike grunnar har ikkje kastfeltet blitt gjennomført. Ei rekke omstende har gjort at det har stoppa opp, og kommunesamanslåinga har kanskje medverka til at gamle vedtak og avtaler har gått under radaren.

Kulturdepartementet har satt som krav at kunstgras kan leggjast på Kvåle friidrettsstadion under føresetnad om full erstatning av kastfelt i nær tilknyting til løpebana.

Det var også det Sogndal idrettslag og Sogndal idrettsråd blei lova i 2009 og difor aksepterte legging av kunstgras.

Friidrett er ein av Noregs største idrettar, som er i vekst og Noreg gjer ein god figur internasjonalt. Alt ligg til rette for å vidareutvikle og skapa eit godt friidrettsmiljø i Sogndal att.

Historia om erstatning for kastfelt er minst 14 år gammal, tida er overmoden for å realisere løfter og vedtak.

**Sogndal idrettsråd ber difor instendig om at det ikkje blir etablert permanent bruk av areal i samband med Kvåle barnehage, som kjem i konflikt med areal som er satt av til kastfelt. Me ber om at arbeidet med bygging av mellombels anleggsveg til barnehagen blir nytta til klargjering av arealet til kastfelt.**

Me syner til resten av dette skrivet for grundigare dokumentasjon, teikningar og saksdokument.

Sjå også vedlagte dokument i heilskap.

## Bakgrunn, saksdokument og utvikling – historia slik idretten kjenner den

Grusbana på Fosshaugane blir borte (2009) i samband med bygginga av ny vidaregåande skule. Det gjer at fotballen har redusert treningsareal, og grasbanene på Fosshaugane og Kvåle har ikkje kapasitet nok. Det var behov for eit slitesterkt fotballareal.

Det blei difor stilt spørsmål til om det kunne leggjast kunstgras på Kvåle stadion. Det blei utarbeida ein situasjonsplan der det blei teikna inn erstatningsareal for kastfelt.

Alle partar er samde om tiltaket, som er kunstgras og erstatningsareal for kastefelt. Partane er:

- alle skulane i Sogndal, som syner til fylkestingsvedtak og uttale frå FK "dei samla friidrettsinteressene må ivaretakast, eventuelt tilpassast om det blir kunstgras".
- Idrettslaget og idrettsrådet, begge set som premiss at kastfelt blir erstatta
- fylkeskommunen, syner til fylkesdelplan som oppmodar om "fullverdig areal til friidretten"
- Forvaltningsutvalet vedtek i desember 2009 planskissa frå hausten 2009, dvs. kunstgras med erstatningsareal til kastfelt.

Kommunen syner sjølv til fylkeskommunen si uttale og fylkesdelplan i første dispensasjonssøknad (datert 24.08.09), der det står at planen oppmodar om fullverdig areal til kastfelt vert vurdert i kombinasjon med kunstgras/friidrett. Det skriv kommune også i eit internt notat datert 23.10.09. Seinast i november 2009 blir det utarbeida og arkivert planteikningar datert 10.11.09 og teikna av Norconsult der alle kastfelta er teikna inn.

Kommunen skriv 14.09.09 søknadsbrev til Kulturdepartementet om å leggje kunstgras og etablere erstatningsareal for kastfelt, og søker spelemidlar i november 2009 til kastfelt.

Det er i 2009 at formuleringane er tydlegast "*fullverdig areal til friidretten/kasteøvingane*", "*Dei samla friidrettsinteressene må takast i vare*" osv. Det er også på bakgrunn av desse formuleringane at dei folkevalde gjer vedtak i forvaltningsutvalet 3. desember 2009.

Vedtak om kunstgras og fullverdig areal er gjort under med føresetnad om at Kulturdepartementet (KUD) godkjenner, gir løyve til dette.

Kulturdepartementet (KUD) gir ikkje løyve til tiltaket av omsyn til friidretten. Departementet syner då blant anna til Fylkeskommunen si utale i to e-postar datert 28.09.09 og 22.10.09 og brevet frå skulane. Dei syner også til Norsk friidrett i Sogn og Fjordane og Norges friidrettsforbund.

Kommune skriv fleire brev sommar og haust 2009, men KUD gir ikkje disposisjon til kunstgras. Siste avslag er datert 23. desember 2009.

7. januar 2010 er rådmann Aanestad i samtale med KUD og skriv same dag eit brev der kommunen lova å ta godt vare på friidretten, men at ei fullverdig erstatning kan ta noko tid pga. manglande areal. KUD svara kommunen i brev datert 19.02.2010. Kommunen får lov til å leggje kunstgras under føresetnad om å ivareta friidretten som avtalt og framstilt i brevet 7. januar 2010.

I åra 2011, 2012 og 2013 søker Sogndal kommune spelemidlar til etablering av kastfelt og får tildelt spelemidlar i 2013.

I denne perioden ser det ut til at det vedteke tiltaket frå 2009 er tenkt gjennomført som avtalt og planlagt.

Det heile endra seg i 2014. Av ein eller annan grunn oppstår det dialog mellom Sogndal kommune og Atle Skrede hjå fylkeskommunen om etablering av sykkelpark på arealet som i planteikningane og vedtaka frå 2009 er sett av til kastfelt.

I eit brev til Sogndal idrettsråd datert 24.09.15 skriv kommunen fyljande:

*"Den neste fasen er då Sogndal kommune vurderte å erstatte erstatningsarealet for kastøvingane som vart kravd frå KUD med ein sykkelpark. Denne prosessen gjekk føre seg sommar og haust 2014."*

Det er enno uklart kven som tek initiativ til å gå bort frå 2009 vedtaket, men med bakgrunn i ovanfor nemnte brev og sitat er det nærliggande å tru at dette kjem frå kommuneadministrasjonen.

Det er altså ikkje noko politisk forankring i å gå vekk frå planane og vedtaka frå 2009 om å erstatte kastfelt for kastøvingane.

I samband med prosessen knytt til områdereguleringsplan for Campus Sogndal (2018-2019) var det dialog mellom kommuneadministrasjon og idretten. Eit større område vest for Kvåle stadion blei då vurdert teke i

bruk til å erstatta kastfeltet. Sjå teikningar frå jan-februar 2018 under avsnitt «Oppdatert skisse til møte med skulane» under kapittelet «Tidslinje» under.

## Tidslinje

Her har me samla dei mest sentrale dokumenta i saka i eit tidslinje. Me har skrive ei kort innleiing/forklaring til dei fleste av desse dokumenta. Det er mykje som kunne ha vore utdjupa med meir utfyllande merknadar, men har av omsyn til omfanget på dokumentet har me valt å ikkje gjera det.

### Førespurnad om å leggje kunstgras på fotballbane

24.08.2009

Sogndal kommune sender brev til KUD der dei forklara at dei vil erstatte kastfelt for kastøvingar utanfor løpebana på friidrettsstadion. Sjå vedlegg med filnamn «*Kvålestadion\_høyringssvar og grunnlag\_SiL\_2009\_081015*».

Her er eit utdrag av brevet til KUD.



Kultur og kyrkjedepartementet  
Idrettsavdelinga  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo

### Støtteeining fag og utvikling

Sakshandsamar:  
Marie Pettersson  
Tlf: 57 62 96 16  
Mobil:  
Vår ref.  
05/1033-23  
Arkiv  
C20  
Dykkar ref.

Dato  
24.08.2009

### Førespurnad om å leggje kunstgras på fotballbane

Eit av dei høgast prioriterte satsingsområda i Sogndal kommune er utbygging og utvikling av Fosshaugane campus. Kvåle stadion utgjer ein viktig del av Fosshaugane campus. Kvåle stadion består av eksisterande fotballbane med tilhøyrande fasilitetar og nytt område regulert til friområde. Friområdet er på ca 12 daa.

Ved å leggje kunstgrasdekke på eksisterande fotballbane vil ein ikkje lengre kunne nytte banen til kastøvingar, og friidrettsarenaen vil ikkje lenger vere fullverdig. I dag er det liten aktivitet innafor friidretten, og ein plassering av kasteøvingar utafor banen vil dekkje behovet på ein tilfredsstillande måte. Ved kasteøvingar vil det vere mogeleg i avgrensa periodar å stengje av andre aktivitetar i nærleiken.

### Kvålestadion - høyringssvar frå Sogndal idrettslag med saksgrunnlag

06.09.2009

Høyringssbrev (møtereferat) sendt frå Sogndal idrettslag til kommunen etter vedtak i hovudstyret. Sjå vedlegg med filnamn «*Kvålestadion\_høyringssvar og grunnlag\_SiL\_2009\_081015*».

**Møte 04/09 i SIL hovudstyret**

Dato 06.09.2009

e-postmøte



Sogndal Idrettslag

**Deltakarar:**

Rune Fromreide  
Jøril Hovland  
Bente Øyre  
Berit Pettersen  
Dag André Mo  
Gro Hovland  
Karl Helge Albretsen,

Dei andre i styret svarte ikkje på e-posten.

**Sak 1. Fråsegn til kommunen sine planar ved Kvåle stadion**

Sogndal kommune ønskjer fråsegn frå SIL til planane rundt Kvåle Stadion.


Det skal leggast kunstgras på Kvåle stadion. Dette fører til stadion ikkje kan nyttast til kastøvingar (spyd, diskos og slegge). I planen er det lagt opp til eit eige kastfelt utanfor banen. Det er ikkje optimalt for dei som driv med kastøvingar.

Som vedlegg til saken ligg følgjande:

1. Sogndal sin disposisjonsplan dagsett 16.06.2009
2. Kommunen sitt brev til KRD
3. Fråsen fra Norsk Friidrett Sogn og Fjordane
4. Forslag til fråsegn frå SIL

**Framlegg til vedtak:**

Sogndal Idrettslag støttar Sogndal kommune sin disposisjonsplan dagsett 16.06.2009 for Kvåle Stadion og området rundt.



Brev frå Sogndal kommune til KUD 14.09.2009

14.09.2009

Dette brevet kjenner me ikkje, men vil gjerne ha ein kopi.

Saksframlegg til forvaltningsutvalet 03. des. 2009

Sogndal, 25. nov 2009

Under er utdrag frå saksframlegg til forvaltningsutvalet i Sogndal kommune.

Sjå vedlagt fil «*Saksframlegg\_forvaltningsutvalet des 2009\_310816*» for fullstendig dokument.

\* **Tilråding:** Forvaltningsutvalet godkjenner detaljert situasjonsplan for Kvåle stadion. Vedtaket er gjort med etterhald om at Kultur- og kyrkedepartementet godkjenner at det vert lagt kunstgras på eksisterande grasbane.

**Vedlegg:** Eige hefte: Detaljert situasjonsplan: Kvåle stadion ([Rapport detaljert situasjonsplan Kvåle stadion 190909\\_250816.pdf](#))

### Saksutgreiing:

### Bakgrunn

Kvåle stadion utgjer eksisterande fotballbane med tilhøyrande anlegg og nytt areal regulert til friområde. Kommunen overtok friområdet på 11,8 daa i 2008.

### Vurdering

Utarbeiding av detaljert situasjonsplan har vore i nært samarbeid med brukarane av området, og det har vore ein god dialog korleis vi best skal nytta arealet. Med omsyn til storleik på areal og bruksinteresser, er arbeidsgruppa samde om korleis området best bør utnyttast.

**Vi har per i dag ein fullverdig konkurranseanlegg for friidrett.** Ved å leggje kunstgrasdekke på eksisterande fotballbane vil ein ikkje lengre kunne nytte banen til kasteøvingar, og friidrettsarenaen vil ikkje lenger vere fullverdig. I dag er det liten aktivitet innafor friidretten, og **ein plassering av kasteøvingar utafor banen vil dekkje behovet på ein tilfredsstillande måte.**

### Merknader

I høyringsperioden er det kome inn tre merknader frå Norsk Friidrett Sogn og Fjordane, Roald Øen og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Merknader er omtala i situasjonsplanen side 5-6, og innspela ligg som vedlegg i planen.

Planen må ha idrettsfunksjonell godkjenning frå Kultur- og kyrkedepartementet knytt til at det vert lagd kunstgras på eksisterande fotballbane. Vi har sendt inn førespurnad om dette. Med etterhald om slik godkjenning tilrår rådmannen at detaljert situasjonsplan for Kvåle stadion vert godkjent slik den ligg føre.

## Vedtak i forvaltningsutvalet 03.12.09

03.12.2009

Her er protokoll frå forvaltningsutvalet sitt møte 3. desember 2009. Sjå også vedlagt fil «*Melding om vedtak frå forvaltningsutvalet des09\_090816*».

**Sakshandsamar:**  
Jorunn Liheim  
Tlf: 57 62 96 67  
**Vår ref.**  
05/1033-36  
**Arkiv**  
C20  
**Dykkar ref.**

**Dato**  
07.12.2009

## KVÅLE IDRETTS- OG AKTIVITETSPARK

### Melding om vedtak

Forvaltningsutvalet handsama saka i møte 03.12.2009 sak 99/09, og gjorde slikt vedtak:

Forvaltningsutvalet godkjenner detaljert situasjonsplan for Kvåle stadion. Vedtaket er gjort med etterhald om at Kultur- og kyrkedepartementet godkjenner at det vert lagt kunstgras på eksisterande grasbane.

Med helsing  
Jorunn Liheim  
-sekretær-

Vedlegg: Saksdokumenta for vidare oppfølging.

## KUD avslag om Sogndal stadion – Kvåle, omlegging til kunstgras på fotballbane

23.12.2009

Brev fra KUD til Sogndal kommune (SK) datert 23.12.2009. Departementet rår at det ikkje blir lagt kunstgras. Sjå vedlagt fil «*Kvåle stadion vedtak dep\_KUD\_23des 2009\_181223*»

### **Sogndal stadion – Kvåle, omlegging til kunstgras på fotballbane**

Det visast til brev datert 14. september 2009 om legging av kunstgras på fotballbana på Sogndal stadion – Kvåle.

Det visast og til uttale frå Norsk Friidrett Sogn og Fjordane datert 22. juni 2009, to e-postar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 28. september og 22. oktober 2009, brev frå skulane i Sogndal datert 27. oktober 2009, og til uttale frå Norges Friidrettsforbund datert 17. desember 2009.

Departementet har vurdert planane og har følgjande merknadar til desse:

- Legging av kunstgras på fotballbana vil medføra at det ikkje lenger vil vera mogeleg å驱va kastøvingar i friidrett med fotballbana som nedslag.
- Kunstgras fotballbane vil leggje til rette for meir intens bruk av anlegget som erfaringsmessig kan vera konfliktskapande i høve til ulike brukargrupper.
- Den løysinga som er skisserte som alternativ for kastøvingane vil ikkje gje tilfredsstilande tryggleik for dei nærliggjande aktivitetsområda. Løysinga vil heller ikkje vera tilfredsstilande for tevlingar.

Den skisserte omlegginga vil medføra at friidrettsdelen av anlegget vert redusert frå eit komplett friidrettsanlegg til eit delanlegg.

Norges Friidrettsforbund konkluderar si uttale (vedlagt) med anbefaling om at anlegget vert oppretthalde med sine noverande fasilitetar.

Postadresse Postboks 8030 Dep 0030 Oslo	Kontoradresse Grubbeg. 1	Telefon - sentralbord 22 24 90 90 Org. nr. 972 417 866	Idrettsavdelinga Telefaks 22 24 95 52	Saksbehandlar Morten Roa 22 24 80 68
---	-----------------------------	---	---	--

Departementet finn å tilrå at den skisserte omlegginga ikkje vert gjennomført.

Dersom omlegginga likevel vert gjennomført, vil dette kunne gje grunnlag for at det reisast krav om attendebetaling av tidlegare utbetalte tilskot.

Med helsing

Ole Fredriksen e.f.  
avdelingsdirektør

Morten Roa  
seniorrådgjevar

Brev fra Sogndal kommune til KUD 07.01.2010

07.01.2010

Her er eit samandrag av brev frå Sogndal kommune (SK) til KUD datert 07.01.2010. Sjå vedlagt fil «*Sogndal kommune til KKD jan 2010 ny behandl\_181223*» for fullstendig brev.

I brevet skriv rådmann Aanestad at friidrettsanlegget ikkje er eit komplett friidrettsanlegg, og det stemmer fordi anlegget ikkje har blitt vedlikehald av kommunen. Blant anna er sikringsnett fjerna og er difor ikkje eit komplett anlegg.

Om kommunen hadde vedlikehalde påkravde installasjonar så ville anlegget ha vore eit fullverdig og komplett friidrettsanlegg for konkurransar.

Rådmann Aanestad har sjølv i brev til KUD 24.08.2009 skrive at «*Sogndal kommune har per i dag ein fullverdig konkurranseanlegg for friidrett*»

Rådmann Aanestad framstiller saka over for KUD slik at det er tydleg at kommunen har til intensjon heidre avtalen med idretten (dvs. byggje erstaningsfelt som lagt fram for idretten og dei folkevalde) og i tillegg «*vera open for å drøfte andre framtidige løyvingar for kastøvingane enn dei som går fram av den utarbeidde situasjonsplanen. Dette kan ev. krevje ei utviding av arealet, og slike løysingar vil difor måtte vurderast i ei noko lengre tidslinje*».

Det er klårt at rådmann i dette brevet lovar KUD å ta godt vare på friidretten, og at KUD også oppfatta lovnaden slik. Det går fram av KUD sitt svar 19.02.2010. Noko KUD også repetera i sitt brev til Sogndal kommune i 25.11.2015. Der understreka KUD premissane i sitt brev av 19.02.2010.

KUD feb 2010 – svar til Sogndal kommune

19.02.2010

Her er eit utdrag frå brevet. Sjå vedlagt fil «*Kulturdep 2010*» for fullstendig brev.

**DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT**

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
År/saksnr.	Dok.nr.	Saksh.:
05/1033	47	MP
L.nr. 2434/10		
22 FEB 2011		
Ark.kode P	C20	
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradering: §	

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Dykkar ref  
05/1033-41

Vår ref  
2009/03132 ID/ID1 MRO

Dato  
19.02.2010

**Kvåle stadion - omlegging av fotballbane til kunstgras**

Det visast til tidlegare korrespondanse om Kvåle stadion, sist brev frå Sogndal kommune, datert 7. januar 2010, og brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 26. januar 2010.

Det visast og til departementet sitt brev datert 23. desember 2009, der det vert tilrådd at den planlagde omlegginga til kunstgras ikkje vert gjennomført.

Etter oppmoding frå Sogndal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har departementet vurdert saka på nytt. Sogn og Fjordane fylkeskommune visar i sitt brev til omtalen av anlegget i den vedtekne fylkesdelplanen. Der inngår vidare utvikling av anlegget på Kvåle som ein del av utviklinga av Fossahaugane Campus for å dekka behovet for utomhus idrettsanlegg for mange brukargrupper, inkludert omsynet til friidrett. Samstundes går det fram av brevet frå Sogndal kommune at kommunen vil vera open for å vurdera ei tilfredsstillande løysing også for kastøvinga.

Under desse premissane vil departementet ikkje ha innvendingar mot at grasbana på Kvåle stadion vert omlagd til kunstgras.

KUD Om Sogndal Stadion, Kvåle – til Sogndal kommune

25.11.2015

Her er brevet fra KUD om krav til førehandsgodkjenning. Sjå vedlagt fil «*Kulturdep 2010*» for kopi av brev.

DET KONGELIGE  
KULTURDEPARTEMENT

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL  
postmottak@sogndal.kommune.no

Sogndal Idrettslag  
Postboks 164  
6851 SOGNDAL  
cecili-l@online.no

Deres ref Vår ref Dato  
09/3132- 25.11.2015

#### **Om Sogndal Stadion, Kvåle - Sogndal kommune**

Kulturdepartementet har mottatt kopi av brev av 10. november 2015 fra Norges Friidretts-forbund til Sogndal kommune under overskriften "Ny planprosess Sogndal Stadion, Kvåle", et brev også Sogndal Idrettslag har fått kopi av.

Ettersom stadianlegget er et delvis spillemiddelfinansiert idrettsanlegg for både friidrett og fotball, er nye planer for anlegget også av interesse for departementet, og departementet viser til tidligere korrespondanse, blant annet departementets brev av 19. februar 2010, hvoretter departementet ikke rettet innvendinger mot omlegging av fotballbanen fra naturgress til kunstgress på premisser gitt den gang, herunder hensyntagen til friidretten, også kastøvelsene.

Departementet har i ettertid registrert at omlegging av dekke på fotballbanen ikke har funnet sted, og at friidrettsanlegget senere er rehabilitert og tilkommet kr 845 000 i spillemidler i 2014.

På denne bakgrunn ber departementet videre om en redegjørelse fra så vel kommunen som idrettslaget når det gjelder status for anlegget som arena for både friidrett og fotball, og for de planer som nå måtte foreligge. Departementet viser i denne sammenheng til at bruksendring av anlegget i strid med premissene slik de kom til uttrykk i 2010, ref. over, krever forhånds-samtykke fra departementet.

Med hilsen

Ole Fredriksen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Åsmund Berge  
fagdirektør

Sogndal Idrettsråd sitt Innspel til plan for Kvåle stadion

25.11.2015

Her er eit utdrag frå høyringssvar frå Sogndal idrettsråd til Sogndal kommune. Sjå vedlagt fil «*Sogndal Idrettsråds Innspel plan Kvåle stadion*» for fullstendig høyringsbrev.

### **Prosess knytt til omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion.**

I samband med prosessen knytt til omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion kom det fram at behov for eit kast areal var til stades.

I den samanheng vart det bestemt å laga ein ny plan over området.

Sogndal idrettsråd har i den samanheng motteke 2 innspel til plan.

Innhaldet er i hovudsak knytt til kastareal på Kvåle stadion.

Det er komme innspel frå Sogndal Idrettslag og Norges Friidrettsforbund.

Innspela har sterkt ynskje om å behalde til eit fullverdig friidrettsanlegg med kastareal.

Dvs. å finn gode løysingar for kastsektor som gjer at det ikkje kjem i konflikt med andre aktivitetar og ikkje skapar uro mellom andre idrettsaktivitetar både organisert og uorganisert.

Vi ber Sogndal kommune ta med seg innspela i sin vidare planlegging.

I samband ny områdeplan på Kvåle stadion må Sogndal kommune ta «høgde» for utviklinga som er i regionsenteret. Dvs. leggja til rette for organisert og uorganisert aktivitetar.

Områdeplan må ta omsyn til og ta i vare dei interessene (eksisterande, vedtekne og planlagde) som allereie er etablert i området.

Inndraging av spelemidlar - Kvåle stadion og kastområde

31.03.2016

Under er brev frå fylkeskommunen om inndraging av spelemidlar for ikkje gjennomført tiltak (etablering av kastareal). Sjå vedlagt fil «*Inndraging av spelemidlar\_Kvåle stadion\_150916*» for kopi av brevet.

### **Sogndal - inndraging av spelemidlar anl.nr.: 1420 0004 09 Kvåle stadion - kastområde**

Vi viser til tilsegn frå 2013 om spelemidlar på kr 558 000. Etter fleire møter mellom fylkeskommunen ved underteikna og rådmann i Sogndal kommune, seinast 19.08.15 vart det gjort klart at dette anlegget skulle vore oppdelt i fleire anleggselement. Dette fører til kostnadars knytt til etablering av kastareal skal trekka ut frå tildelinga på kr 558 000. Denne delen utgjer kr 131 000.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
fylkesdirektør

Atle Skrede  
rådgjevar

Søknad til KUD om førehandssamtykke for bruksendring og omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion

09.08.2016

Dette er utdrag frå Sogndal kommune sin søknad til KUD. Her går det fram at kommune i samband med Område plan for Fosshaugane Campus skal «*planleggje for tilfredsstillande løysingar for kastøvingane på Kvåle stadion*».

Sjå vedlagt fil «*Søknad om førehandssamtykke for bruksendring og omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion\_2016\_071223*» for kopi av søknaden.

**Sakshandsamar:** Eilif Ullestад Rosnæs **Vår ref.** 16/2563-5 **Arkiv MTR 23/139 Dykkar ref.**

**Dato** 09.08.2016

Viser til Dykkar brev datert 09.06.2016.

I brevet frå departementet 2. februar 2010 heitar det mellom anna:

*"Etter oppmoring frå Sogndal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har departementet vurdert saka på nytt. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser i sitt brev til omtalen av anlegget i den vedtekne fylkesdelplanen. Der inngår vidare utvikling av anlegget på Kvåle som ein del av utviklinga av Fosshaugane Campus for å dekka behovet for utomhus idrettsanlegg for mange brukargrupper, inkludert omsynet til friidrett. Samstundes går det fram av brevet frå Sogndal kommune at kommunen vil vera open for å vurdera ei tilfredsstillande løysing også for kastøvinga."*

*Under desse premissane vil departementet ikkje ha innvendingar mot at grasbana på Kvåle vert omlagd til kunstgras."*

Kulturdepartementet (KUD) ønskjer i brevet av 9.6.2016 at kommunen formelt søker om skriftleg førehandssamtykke for bruksendringa av Kvåle stadion som departementet tidlegare ikkje har hatt innvending mot. Kommunen vil i denne søknaden gjennomgå korleis premissane i brev av 2.2. 2010 frå departementet er teke vare på og kva kommunen ønskjer vidare:

- Våren 2015 vart det satt saman ei arbeidsgruppe for å kome til ein avtale kring vidare bruk og utvikling av Kvåle stadion. Arbeidsgruppa besto av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal idrettslag, Sogndal idrettsråd, Sogndal fotball og Sogn idrettskrins. Avtala vart ikkje skreve under av Sogndal idrettslag, då dei meinte at prosessen i saka ikkje hadde vore handsama rett i idrettens organ og hjå kommunen.
- Ny prosess vart gjennomført slik at all fakta vart lagt fram og idretten fekk høve til å uttale seg. Det vart også utarbeidd ein førebels aktivitetsrapport for Kvåle stadion med bakgrunn i idrettslaga sine eigne tal og uttalar.
- Sogndal kommune vil ta Kvåle stadion, inkl. vurdering av tilfredsstillande løysingar for kastøvingane, inn i arbeid med ny områdereguleringsplan for Fosshaugane Campus. Dette arbeidet vil starte opp på nyåret 2017.

*Kommunen vil planleggje for tilfredsstillande løysingar for kastøvingane på Kvåle stadion gjennom planarbeidet for ny områdereguleringsplan for Fosshaugane campus. Vi vil i dette planarbeidet leggje til rette for organisert og uorganisert aktivitet på Kvåle, og ta omsyn til eksisterande og framtidige aktivitetar i området.*

## Oppsummering

Sogndal kommune søker med dette formelt om bruksendring for omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion. Premissane KUD har stilt Sogndal kommune i brev av 2.2.2010, er etter vår oppfatning følgt opp. Kommunen har gjennom den prosessen som har vore vurdert tilfredsstillande løysing for kastøvinga, og vi vil ta desse vurderingane med i arbeidet med områdereguleringsplanen for Fosshaugane campus.

## Orientering om Kvåle stadion i formannskapet okt. 2016

06.10.2016

Me har ikkje kjennskap til kva formannskapet blei orientert om i detalj, utover at det gjeld Kvåle stadion og brev frå KUD. Sjå vedlagt fil «*Formannskap okt2016\_290318*» for fullstendig journalpost. Men, me har funne eit avisutklypp frå desember 2016 der rådmann Aanestad stadfesta at det skal etablerast ei permanent ordning for kastfelt for spyd og diskos i samband med reguleringsplan for idrettsområdet på Kvåle.

## Orientering frå rådmann

1. Fråsegn til høyring frå Justis- og beredskapsdepartementet om å slå saman Sogn tingrett og Fjordane tingrett med hovudsete i Førde (arkivsak 16/608)
2. Søknad om tilskot helsestasjon
3. Kvåle stadion, jf. brev frå Kulturdepartementet (16/2563)

## Rådmann Aanestad lova permanent kastarena på Kvåle stadion


Desember 2016



arrangert i Sogn på 15 år.

– Dersom det blir aktuelt med ein mellombels kastarena på Kaupangar på noko tidspunkt er det naturleg at idrettslaget kjem inn, seier Jostein Aanestad som er rådmann i Sogndal.

**Rådmannen fortel at ein permanent kastarena for aktivitetar som spyd og diskos skal vere med i reguleringsplanen for idrettsområdet på Kvåle som blir laga i haust.**



Sogn avis i 2016

Oppdatert skisse til møte med skulane.pdf

Skisse frå jan/feb 2018.



Høyringssvar frå Sogndal idrettsråd (SIR) til kommunen om Områdeplan campus Sogndal

27.08.2018

Her er eit sitat frå Sogndal idrettsråd sitt høyringssvar til Områdeplan for campus Sogndal. Sjå fullstendig høyringsvar i vedlagt fil «*Høyringssvar SIR\_Områdeplan campus Sogndal\_Sendt 270818\_270818*».

*Vidare tykkjer SIL det er positivt at det vert lagt til rette for kastøvingar i friidrett ved Kvåle (Sogndal) stadion. Og at det i områdeplanen er lagt inn ein gå/joggeløype i sentrum, og vi ber om at det også vert teke omsyn til paraidrett i utforminga av områdeplanen.*

Her er link til vedteken områdeplan. Plan blei vedteke april 2019.

Områdeplan

<https://img5.custompublish.com/getfile.php/4641236.2665.pzzzlpkijnwsz/Føresegn+Campus+endring.pdf?return=nyesogndal.custompublish.com>

- BIA1 Kvåle aktivitetsarena, eksisterande  
I området kan det etablerast idrettsanlegg med tilhøyrande funksjonar, på bakgrunn av samla situasjonsplan.
- BIA2 Kvåle aktivitetsarena, framtidig  
I området kan det etablerast idrettsanlegg med tilhøyrande funksjonar, på bakgrunn av samla situasjonsplan.

## Desember 2023

Sogndal idrettsråd sitt inntrykk er at det har vore stillstand i alt som har med Kvåle friidrettsstadion å gjera sidan vedtak om Områdeplan Campus i april 2019.

Og at kommunesamanslåinga har ført til at det i perioden 2019 til 2022 har vore jobba med overordna planarbeid for nye Sogndal kommune.

Vidare at saka om kastfelt på Kvåle stadion først har aktualiserte seg i samband med val av plassering av ny 1-7 skule i Sogndal sentrum i 2023, der Kvåle var eit av alternativa til plassering.

Tilsvarande har bygging av ny studentbarnehage på Kvåle aktualisert å ta vare på omsynet til og planane for kastfelt på Kvåle stadion.

Friidrett er ein av Noregs største idrettar. Det er ein idrett i vekst og Noreg gjer ein god figur internasjonalt. Alt ligg til rette for å vidareutvikle og skapa eit godt friidrettsmiljø i Sogndal att.

For at nokon skal finna kastøvingane interessante, må det først og fremst vera mogleg å kasta.

Eit kastfelt kan nyttast til anna aktivitet t.d. vil idrett som rugby sikkert kan ha nytte av arealet.

## Vedlagt – Norges friidrettsforbund sitt høyringsinnspele

Vedlagt ligg Norges friidrettsforbund si uttale og høyringsinnspele i saka.



Idrettsrådet i Sogndal  
v/ Jan Erik Weinbach

Oslo, 20.12.2023

### Høringssvar i forbindelse med barnehageutvidelse ved Kvåle stadion.

Norges Friidrettsforbund har helt siden saken om kunstgress på Kvåle stadion kom opp, ventet på det nødvendige erstatningsanlegget for kast som skulle komme. NFIF har i perioden vært på befaringer på området og i møter med Idrettsrådet og kommunen. Vi kjenner derfor området godt. KUD godkjente kunstgress under forutsetning av at kastfelt for lange kast ble erstattet på utsiden av løpebanene, slik det ble tegnet og søkt spillemidler om i 2009. Fortsatt er ikke dette på plass.

Sogndal Idrettsråd og Vestland Idrettskrets har en tung dokumentasjon som viser sakens utvikling.

Norges Friidrettsforbund vil råde Sogndal Idrettsråd til å ta en klargjøring av kastfeltet inn som en nødvendig forutsetning for å kunne godta den midlertidige veien som nå er spilt inn. Sogndal Idrettsråd bør være klar i sin høringssuttalelse om at tiden for etablering av kastfeltet er overmoden. Norges Friidrettsforbund er av Kulturdepartementet gitt det faglige ansvaret til å rådgi i forhold til utforming av et slikt anlegg. I denne sammenheng er sikkerhetssoner av stor betydning. NFIF vil bistå med råd når kastfeltet skal utformes.

NFIF forventer at Sogndal kommune vil lytte til sitt Idrettsråd i denne saken.

Med vennlig hilsen  
**Norges Friidrettsforbund**

**Kalle Glomsaker**

Anleggsansvarlig i NFIFs styre

**Ole Petter Sandvig**

Teknisk konsulent

Framsendes som e-post.

Member of:

International Association of Athletics Federations (IAAF)  
and European Athletics (EA)

N-0840 Oslo, Norway, Tlf.: +47 21 02 90 00 - Fax: +47 21 02 99 01

E-mail: friidrett@friidrett.no, Internett: www.friidrett.no, Org. nr.: 869 990 612 MVA, Kontonr.: 5134.06.06241

**Fra:** Gaute Flugheim <[g.flugheim@gmail.com](mailto:g.flugheim@gmail.com)>

**Dato:** 18. desember 2023 kl. 15:02:12 CET

**Til:** Torunn Johanna Jæger <[torunn.jager@asplanviak.no](mailto:torunn.jager@asplanviak.no)>

**Kopi:** "Marianne :-)" <[mloftesnes@gmail.com](mailto:mloftesnes@gmail.com)>

**Emne:** Detaljreguleringsplan Kvåle Barnehage

Hei.

Syner til hyggeleg samtale og sender som avtalt mail

Det eg ynkjer å vite er om det frå kommune eller andre er komme innspel som gjer at dykk er kjent med "Kvåsgrovi" som problemområde for kloakk? Er også interessert i kva føringar som ligg inne for å sikre at VA-arbeidet som vert gjort ved aktuelt område sikrar kapasitetar og plassering for vidare framføring til Kvåle/Stemmehaugen/Gurvin?

Kommunen er på si side kjent med dette bla. frå planomtale for reguleringsplan Nedre Gurvin 2013 og dei sette då rekkefølgekrav om at ingen nye ferdigattest skulle gjevast før offentleg vatn og avløp var etablert i området. Til info så ligg dette området oppstrøms området dykk no jobbar med.

Årsaker til at eg er interessert i dette er:

1. Huseigar i område "Nedre Gurvin" som har eit sterkt ynskje om at kommunen no etablerar VA i området. Ein har mellom anna vorte påført store ulemper på VA-sida grunna kommunens dispensasjonar frå rekkefølgekravet.
2. Bekymring for at ein barnehage vert etablert tett opp mot ei grov som er kjent for kloakkutslepp. Ein ser og i planomtalen for områdereguleringsplan Campus Sogndal at grova blir teken med som ei alternativ pedagogisk arena. sjå utklypp under:

avdelings barnehage. **Kvåsgrovi** kan nyttast som ein spanande og pedagogisk del av uteområdet til barnehagen, føresett at krava til tryggleik er ivareteke i detaljutforming.

Med venleg helsing

Gaute Flugheim

99449577

Frå: Mia Carina Henriksen Warhuus[warhuus@ladv.no]  
Sendt: 15.02.2024 14:58:22  
Til:  
bergen@asplanviak.no;torunn.jager@asplanviak.no[bergen@asplanviak.no;torunn.jager@asplanviak.no]  
Kopi: Postmottak Sogndal kommune[Postmottak@sogndal.kommune.no];Ole H. Bendiksen[Bendiksen@ladv.no];  
Tittel: Høringsinnspill - detaljregulering Kvåle Barnehage (LADV ref: OHB-23900)

---

**Advarsel:** Denne eposten kjem frå ekstern avsendar. Vèr forsiktig med lenker og vedlegg.

Se vedlagt.

Vennlig hilsen

**Mia Warhuus**

Advokat | Langseth Advokatfirma DA  
M: +47 473 89 993  
E: [warhuus@ladv.no](mailto:warhuus@ladv.no)  
W: [www.langsethadvokat.no](http://www.langsethadvokat.no)

**LANGSETH**  
Advokatfirma DA

*Det er viktig å huske på at bruk av e-post alltid er forbundet med en viss risiko, siden dokumentasjon som sendes på denne måten kan komme ivedkommende i hende på grunn av feilsending, hacking og liknende. Som alternativ til e-post, kan du benytte vanlig brevpost*

Frå: Sogndal Idrettsråd[sogndalidrettsraad@gmail.com]  
Sendt: 21.12.2023 02:58:36  
Til: Torunn Johanna Jæger;Postmottak Sogndal kommune;Tage Rickard Sundell;Kristin Rundsveen  
Bøtun[torunn.jager@asplanviak.no];Postmottak@sogndal.kommune.no;Tage.Rickard.Sundell@sogndal.kommune.no;Kristin.Rundsveen.Botun@sogndal.kommune.no]  
Kopi: Øivind Fagermoen[oifager@me.com];Elianee Eggum[elianne.eggum@gmail.com];Tonje  
Tangerud[tonje.tangerud@sogndalidrettslag.no];leiar@sogndalidrettslag.no[leiar@sogndalidrettslag.no];Gunnhild Olstad Bøyum[g.boyum@kr-rekneskap.no];Stig  
Ove Ølmheim[stig.ove.olmheim@sogndal.kommune.no];asgeir.ardal@friidrett.no[asgeir.ardal@friidrett.no];Sandvig, Ole  
Petter[OlePetter.Sandvig@friidrett.no];kalle@maraton.no[kalle@maraton.no];  
Tittel: Fwd: Høyringssvar - Kvåle Barnehage, utviding og endring av planområde

---

**Advarsel:** Denne eposten kjem frå ekstern avsendar. Vèr forsiktig med lenker og vedlegg.

[Last ned bilder med full oppløsning](#)

[Tilgjengelig til 19. jan. 2024](#)

Hei Torunn

Sender Sogndal idrettslag sitt høyringssvar/inngspel til planarbeidet med Kvåle barnehage.

Det er eit langt inngspel. Det skuldast i all hovudsak at det er ei lang historie knytt til kastfeltet for friidrett på Kvåle stadion.

Det er ei lang historie som etterkvart stadig færre involverte parter kjenner til.

Sogndal idrettsråd har difor teke seg arbeidet med å lage ei tidslinje tilbake til 2009, for at alle innvolverte parter kan bli kjent med historia slik idretten kjenner den.  
Difor også kopi av innspelet til alle innvolverte.

I denne framstillinga har me teke med dei mest sentrale dokumenta i saka.

Historia går tilbake til 2004 og det er mange tidtals fleire dokument i tillegg til dei som er med i dette brevet.

Det er så mange dokument som er lagt ved at om du sakna eit vedlegg eller treng hjelp i høve innhaldet, så er det berre å gi lyd :-)

Kopi til

Sogndal kommunen sin adminstrasjon ved Sundell, Rundsveen Bøtun og postmottak

Sogndal idrettslag ved leiar Norheim Tangerud

Politisk leiing i Sogndal ved ordførar og varaordførar Gunnhild Bøyum

Sogn og fjordane friidrettskrets ved Asgeir Årdal

Norges friidrettsforbund ved Ole Petter Sandvig og Kalle Glomsaker

Sogndal idrettsråd ved nestleiar Eggum og sekretær Fagermoen

Mvh

Sogndal idrettsråd

- Leiar -

Jan Erik Weinbach

40 40 89 81

[Klikk for å laste ned](#)

Sogndal kommune til KKD jan 2010 ny behandl\_181223.doc

41 kB

[\*\*Klikk for å laste ned\*\*](#)

Oppdatert skisse til møte med skulane\_2018\_161223.pdf

5 MB

[\*\*Klikk for å laste ned\*\*](#)

Søknad om førehandssamtykke for bruksendring og omlegging frå naturgras til kunstgras på Kvåle stadion\_2016\_071223.pdf

157 kB

arrangert i Sogn på 15 år.

- Dersom det blir aktuelt med ein mellombels kastarena på Kaupangar på noko tidspunkt er det naturleg at idrettslaget kjem inn, seier Jostein Aanestad som er rådmann i Sogndal.

**Rådmannen fortel at ein permanent kastarena for aktivitetar som spyd og diskos skal vere med i reguleringsplanen for idrettsområdet på Kvåle som blir laga i haust.**



← → + 3 ...

Sogn avis i 2016

[Klikk for å laste ned](#)

Høyringssvar SIR\_Områdeplan campus Sogndal\_Sendt 270818\_270818.pdf  
79 kB

[Klikk for å laste ned](#)

Saksframlegg\_forvaltningsutvalet des 2009\_310816.pdf  
400 kB

[Klikk for å laste ned](#)

Formannskap okt2016\_290318.pdf  
9,2 MB

[Klikk for å laste ned](#)

Inndraging av spelemedilar\_Kvåle stadion\_150916.pdf  
280 kB

[Klikk for å laste ned](#)

Melding om vedtak frå forvaltningsutvalet des09\_090816.doc  
37 kB

[Klikk for å laste ned](#)

Kvålestadion\_høyringssvar og grunnlag\_SiL\_2009\_081015.pdf  
1,1 MB

[Klikk for å laste ned](#)

Rapport\_detaljert situasjonsplan Kvåle stadion 190909\_250816.pdf  
7 MB

[Klikk for å laste ned](#)

Sogndal Idrettsråds Innspel plan Kvåle stadion.pdf  
26 kB

[Klikk for å laste ned](#)

KUD Om Sogndal Stadion, Kvåle - Sogndal kommune.pdf  
212 kB

[Klikk for å laste ned](#)

Kulturdep 2010.PDF  
56 kB

# Uttalelse til reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med på å danne grunnlag for videre behandling i kommunen.

## Uttalelsen gjelder:

<b>Navn på reguleringsplan:</b>	Kvåle Barnehage i Sogndal
<b>Planident:</b>	Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage,
<b>Kommune:</b>	Sogndal

## Forslagsstiller:

<b>Navn:</b>	Saman Sogndal Studentbarnehage AS v/ Asplan Viak AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	830182292

## Plankonsulent:

<b>Navn:</b>	ASPLAN VIAK AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	910209205

## Varsel er mottatt av:

<b>Navn:</b>	DULSVIK LARS OVE		
<b>Telefonnummer:</b>	99163377		
<b>E-post:</b>	Larsove@sognelektro.no		
<b>Adresse:</b>	<b>Gårdsnr.:</b>	<b>Bruksnr.:</b>	
Kvåle 51	23	99	
<b>Adresse:</b>	<b>Gårdsnr.:</b>	<b>Bruksnr.:</b>	
Kvåle 51	23	99	

## Uttalelse:

Du kan skrive din uttalelse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Viser til varselet. Det er stipla over parkering og der me har søkt om framtidig garasje. Eg vil

ikkje att parkeringa og framtidig garasje blir råka av ny plan. Helst ser eg att heile min Egedom blir halden utanfor planen.

## Signert av

LARS OVE DULSVIK på vegne av DULSVIK LARS OVE

20.12.2023

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

20.12.2023 15:54:55 AR588944514



Idrettsrådet i Sogndal  
v/ Jan Erik Weinbach

Oslo, 20.12.2023

**Høringssvar i forbindelse med barnehageutvidelse ved Kvåle stadion.**

Norges Friidrettsforbund har helt siden saken om kunstgress på Kvåle stadion kom opp, ventet på det nødvendige erstatningsanlegget for kast som skulle komme. NFIF har i perioden vært på befaringer på området og i møter med Idrettsrådet og kommunen. Vi kjenner derfor området godt. KUD godkjente kunstgress under forutsetning av at kastfelt for lange kast ble erstattet på utsiden av løpebanene, slik det ble tegnet og søkt spillemedler om i 2009. Fortsatt er ikke dette på plass.

Sogndal Idrettsråd og Vestland Idrettskrets har en tung dokumentasjon som viser sakens utvikling.

Norges Friidrettsforbund vil ráde Sogndal Idrettsråd til å ta en klargjøring av kastfeltet inn som en nødvendig forutsetning for å kunne godta den midlertidige veien som nå er spilt inn. Sogndal Idrettsråd bør være klar i sin høringsuttalelse om at tiden for etablering av kastfeltet er overmoden. Norges Friidrettsforbund er av Kulturdepartementet gitt det faglige ansvaret til å rádgi i forhold til utforming av et slikt anlegg. I denne sammenheng er sikkerhetssoner av stor betydning. NFIF vil bistå med rád når kastfeltet skal utformes.

NFIF forventer at Sogndal kommune vil lytte til sitt Idrettsråd i denne saken.

Med vennlig hilsen  
**Norges Friidrettsforbund**

**Kalle Glomsaker**                           **Ole Petter Sandvig**  
Anleggsansvarlig i NFIFs styre           Teknisk konsulent

Framsendes som e-post.

Member of:

International Association of Athletics Federations (IAAF)  
and European Athletics (EA)

N-0840 Oslo, Norway, Tlf.: +47 21 02 90 00 - Fax: +47 21 02 99 01  
E-mail: friidrett@friidrett.no, Internett: www.friidrett.no, Org. nr.: 869 990 612 MVA, Kontonr.: 5134.06.06241

# Uttalelse til reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med på å danne grunnlag for videre behandling i kommunen.

## Uttalelsen gjelder:

<b>Navn på reguleringsplan:</b>	Kvåle Barnehage i Sogndal
<b>Planident:</b>	Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage,
<b>Kommune:</b>	Sogndal

## Forslagsstiller:

<b>Navn:</b>	Saman Sogndal Studentbarnehage AS v/ Asplan Viak AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	830182292

## Plankonsulent:

<b>Navn:</b>	ASPLAN VIAK AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	910209205

## Varsel er mottatt av:

<b>Navn:</b>	KVÅLE TONE K MYKLEBUST		
<b>Telefonnummer:</b>	+47 095807509		
<b>E-post:</b>			
<b>Adresse:</b>	<b>Gårdsnr.:</b>	<b>Bruksnr.:</b>	
Lunnamyri 16, 6856 Sogndal	23	12	
<b>Adresse:</b>	<b>Gårdsnr.:</b>	<b>Bruksnr.:</b>	
	23	228	

## Uttalelse:

Du kan skrive din uttalelse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Vi har ikke merknader til utvidinga av planområdet. Når det gjeld planarbeidet elles, så viser vi

til innsende merknader, 03.07.2022, ved forrige melding om oppstart. Vi ønskjer no, som då, at vår eigedom gbnr. 23/12 ikkje vert ein del av denne reguleringsplanen, og vi er sterkt i mot inngrep i vår eigedom, samt gangvegtilkmost gjennom tunet på gbnr. 23/12.

## Signert av

TONE KRISTIN MYKLEBUST KVÅLE på vegne av KVÅLE TONE K  
MYKLEBUST

21.12.2023

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

21.12.2023 22:57:42 AR589208796

Filvedlegg:

2018\_Klage\_områdeplan Campus Sogndal\_23\_12-Gjestagarden.pdf

2018\_Merknad områdeplan Campus Sogndal\_23\_12-Gjestagarden.pdf

Merknad detaljreguleringsplan for 23\_6 m.fl. Kvåle barnehage\_23\_12-Gjestagarden.pdf

# Uttalelse til reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med på å danne grunnlag for videre behandling i kommunen.

## Uttalelsen gjelder:

<b>Navn på reguleringsplan:</b>	Kvåle Barnehage i Sogndal
<b>Planident:</b>	Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage,
<b>Kommune:</b>	Sogndal

## Forslagsstiller:

<b>Navn:</b>	Saman Sogndal Studentbarnehage AS v/ Asplan Viak AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	830182292

## Plankonsulent:

<b>Navn:</b>	ASPLAN VIAK AS
<b>Organisasjonsnummer:</b>	910209205

## Varsel er mottatt av:

<b>Navn:</b>	BARSNES ARNE FRODE	
<b>Telefonnummer:</b>	+4791146274	
<b>E-post:</b>	afbarsnes@lerum.no	
<b>Adresse:</b>	Gårdsnr.: 23	Bruksnr.: 294
16K Lunnamyri		

## Uttalelse:

Du kan skrive din uttalelse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Hei, som nærmeste nabo er det mønehøgde, og avstand til bygg.  
Me har samla tidlegare sendt inn uttalelser til Sogndal Kommune over første skisse, der øverste del var satt av til barnehage.  
Dei nye skissene eg har sett er via SognAvis, der det er redusert til eit stort hus, som er på linja

med Lunnamyri 16K.

Mine innvendingar er her om bygget kjem nær grensa, og mønehøgde på det nye bygget. Vil terrenget bli senket ned, for å unngå at ein stenger inne eksisterande bebyggelse per i dag. At det blir oppretta skille for å skjerme mot støy, og innsyn til ein viss grad.

Håper at dere kan dele de planlagte nye skissene når de foreligger.

Mvh  
Arne Frode Barsnes

27.11.2023 17:13:09 AR580227817

## Signert av

ARNE FRODE BARSNES på vegne av BARSNES ARNE FRODE

27.11.2023

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.